



# Kulturminnevernplan for Modalen Kommune



august 2000

Framsida syner kart over Mofjorden frå ca. 1870

## FORORD

Kulturarven - ein ressurs som ikkje kan fornyast.

Sosiologen Eilert Sundt skreiv på 1900-talet:

“Men der skal visnok god lykke til at faa fremstillet de mange forviklinger med klarhed og til at vinde læserens taalmodige opmærksomhed for de mange småting, som, i sig selv saa yderst ubetydelige, dog tilsidst danne det interessante hele.”

Sundt reiste på mange turar i Norge for “at studere sig ind i almuens kaar og sæder” som han skriv.

Me har med denne planen prøvt å gjera det Sundt skriv, å samla mange “småting”, som er verdt å verna. Når desse tinga vert sett saman i ein heilheit får me eit inntrykk av korleis forfedrane våre har levt og virka.

Me vil prøva å sikra dei historiske spora i landskap og bygningar.

Det vart bygt mange nye hus på slutten av 1800-talet i Modalen. Det var nybygging etter utskifting av gardane i dalen.

Eg trur det er viktig å prioritera heilskapen i det historiske biletet, den kulturhistoriske samanheng; faktorane som har forma utviklinga.

Tida for lokale samlingar av folkemuseumstypen er over.

Me skal gleda oss over den verdifulle kulturarven me har i Modalen.

Kulturminna kan ikkje fornyast. For komande generasjonar må me vera villige til å satsa større summar på vern av kultur og miljø.

Planarbeidet har som siktemål:

1. Skapa auka medvit om eigenverdien som kulturminna har.
2. Gjeva retningsliner for bruk av verkemiddel for vern av kulturminne og kulturmiljø i Modalen.

Kulturminnevernplanen skal hjelpe oss å prioritera rett og langsiktig.

Modalen den 01.03.2000

*Leif E. Nåmdal*  
Leif E. Nåmdal  
ordfører

**INNHALD**

	<u>Side</u>
<b>Forord</b> .....	<b>1</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
Oversikt over utvalde kulturminne og kulturmiljø .....	4
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
1.1 Bakgrunnen for og målet med planen .....	6
1.2 Arbeidet med planen .....	6
1.3 Kva planen inneheld .....	6
<b>2 Kvifor verna kulturminne?</b> .....	<b>7</b>
2.1 Kulturminnevern er ein del av miljøvernet .....	7
2.2 Nasjonale mål, fylkesplanar og kommunale planar .....	7
<b>3 Korleis velja ut for vern?</b> .....	<b>9</b>
3.1 Metode for vurdering av verneverdi .....	9
3.2 Prioritering av kulturminne og kulturmiljø .....	10
3.3 Vernegrupper .....	10
<b>4 Landskap og historie</b> .....	<b>12</b>
4.1 Naturgrunnlag og landskap .....	12
4.2 Busetnad og bruk av landskapet .....	12
4.3 Byggeskikk .....	14
<b>5 Registreringar over kulturminne i Modalen</b> .....	<b>17</b>
5.1 Fornminne .....	17
5.2 Kulturminne under vatn .....	18
5.3 Kulturminne frå nyare tid .....	18
5.4 Vegfar .....	18
5.5 Kulturlandskap .....	18
5.6 Stadnamn .....	19
<b>6 Framlegg til utvalde kulturminne og kulturmiljø</b> .....	<b>20</b>
6.1 Mo sentrum .....	20
6.2 Andre fellesbygningar og - anlegg .....	23
6.3 Naustmiljø .....	27
6.4 Gardsmiljø, stølsmiljø, kulturlandskap .....	33
6.5 Vasskraft .....	56
6.6 Sanddrift .....	61
6.7 Gamle ferdavegar .....	62
6.8 Diktaren Olav Nygard .....	65
<b>7 Framlegg til tiltak</b> .....	<b>66</b>
7.1 Kulturminne og kulturmiljø prioritert for vern .....	66
7.2 Reiskap for sakshandsamarar i kommunen .....	66
7.3 Formidling av Modalen si historie .....	67
7.4 Tilskot til restaurering av eldre og verneverdige bygningar .....	67
7.5 Korleis bruke og ta vare på kulturminne i ulike verksemdar .....	68
<b>8 Roller og verkemiddel</b> .....	<b>69</b>
8.1 Dei ulike aktørane si rolle .....	69
8.2 Verkemiddel .....	70
<b>9 Kjelder</b> .....	<b>74</b>
9.1 Ord og omgrep .....	74
9.2 Litteratur .....	76
9.3 Planar og andre dokument .....	76

## SAMANDRAG

Vern av kulturminne er ein viktig del av ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Ei rekkje undersøkingar i seinare tid har dokumentert at det forsvinn ei stor mengd kulturminne kvart år. Dette gjeld alle type kulturminne. Manglande registreringar, manglande kunnskap og medvit, endra arealbruk, auka mekanisering og endra drift i jord- og skogbruk er peikt på som viktige årsaker til dette. Også kulturlandskapet har gjennomgått store endringar dei siste tiåra.

Kommunen har ei viktig rolle i arbeidet med vern og forvaltning av kulturminne og kulturmiljø, gjennom oppgåvene den har etter plan- og bygningslova. Å ta vare på kulturminna i kommunen er vesentleg for å kunne ta vare på Modalen sin eigenart og for å gjere denne synleg for både oss sjølve og omverda. Dette vil truleg bli ein stadig viktigare ressurs for små bygdesamfunn dersom den aukande sentraliseringa held fram.

Kulturminnevernplanen for Modalen skal vere eit hjelpemiddel for kommunen til å ta vare på sin eigenart, mellom anna ved at det vert teke omsyn til kulturminne ved arealplanlegging og byggetiltak, i landbruket og i anna verksemdar.

I planen er det nytta ein brei definisjon av omgrepet kulturminne. Det inneber at alle spor etter menneskeleg verksemd i våre omgjevnader er kulturminne. Det omfattar óg lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjon til.

Det er ikkje mogleg å ta vare på alle kulturminne, ein må velja ut. Det har vore eit mål at kulturminnevernplanen skal syne eit utval av kulturminne og kulturmiljø som til saman vil vere med å gje eit bilete av korleis Modalen har utvikla seg sidan den første busetjinga. Utvalet dekkjer ulike tidsperiodar og geografisk og kulturhistorisk breidd, og syner trekk som kan vere særmerkte for Modalen. Vidare syner utvalet døme på utnytting av naturressursane ved fjorden, i dalen og i fjellet, busetjingsmønster, utvikling av næringslivet og byggeskikk. Fornminne er teke med i planen der dei har tilknytning til utvalde kulturmiljø.

Ved utveljinga av kulturminne og kulturmiljø er det først og fremst lagt vekt på kva for verdi dei har i lokal samanheng, kva for kunnskap dei kan gje om kulturhistoria i Modalen, og korleis dei er egna til å formidle den. I einstilte tilfelle er regional og nasjonal verdi vurdert. Dei utvalde kulturminna og kulturmiljø er delt inn i tre vernegrupper:

- A. Kulturminne med nasjonal eller svært stor lokal verdi som er automatisk freda (fornminne) eller bør vurderast freda etter kulturminnelova.
- B. Kulturminne med stor lokal verdi som bør sikrast ved særskilde tiltak, først og fremst ved regulering til spesialområde for vern etter plan- og bygningslova.
- C. Andre verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

I tillegg er nokre tema peikt ut som særskilte viktige. Dei representerer sider ved kulturarven som er særprege for Modalen eller som er i ferd med å gå tapt. Desse tema er:

- Gamle ferdavegar
- Stølsmiljø
- Markaløer / slåtteløer
- Røykehus


Kulturminnevernplanen treng oppfølging dersom ein skal sjå synlege resultat av arbeidet. Kapittel 7 skisserer framlegg og idear til ulike tiltak, innan sakshandsaming og rettleiing, for å formidle lokalhistoria og bruke kulturminne til ulike verksemdar.

Kulturminnevernplanen er utarbeidd av sivilarkitektane Trude Langedal og Sissel Riibe.

## Oversikt over utvalde kulturminne og kulturmiljø

Side		Vernegruppe
	<b>6.1 MO SENTRUM</b>	
21	• Område som er regulert til spesialområde vern 08.12.1993	B
	<b>6.2 ANDRE FELLESBYGNINGAR OG - ANLEGG:</b>	
23	• Skulehus, Mostraumen	B
24	• Ungdomshuset i Neraneset	C
25	• Kyrkjegard på Farestveit	
26	• Skulehus og bedehus på Sunnarhaugen, Øvre Helland	B,C
	<b>6.3 NAUSTMILJØ</b>	
27	• Naustmiljø på Nottveit, hellerbuplass i Naustvika	A,B,C
30	• Naustmiljø på Otterstad	B
	<b>6.4 GARDSMILJØ / STØLSMILJØ / KULTURLANDSKAP</b>	
	<b>Gardsmiljø</b>	
33	• Gardstun på Nottveit	A,B,C
34	• Mostraumen - Mostraumbøen - Skjeljaneset (helleristning, gardsmiljø, skule)	A,B,C
36	• Gardstun Otterstad	B
39	• Gardstun Øvre Helland	B,C
40	• Gardstun Steinsland	A,B,C
42	• Gardstun Nygard / Krossen	B,C
44	<b>Røykehus</b> (prioritert tema)	C
	<b>Slåtteteiger, utløer, markaløer</b> (prioritert tema)	
46	• Utløer, hengjebru, ferdaveg, steingardar, slåtteteiger på Øyjordi, Farestveit	(A) B
48	• Markaløe Brekkene/Almelid	B
	• Andre markaløer/utløer	C
	<b>Stølsmiljø / stølsvegar</b> (prioritert tema)	
52	• Otterstadstølen	B
54	• Stølsmiljø Botnane	B
55	• Straumestølen, heimastøl	B
	• Andre stølsmiljø	C
	<b>6.5 VASSKRAFT</b>	
56	• Kraftstasjon på Nottveit	B
57	• Kraftverk på Nedre Helland	B
58	• Kraftverk på Mo, Kvernhusfossen	B
59	• Kvernhus Nygard - Krossen	B
	<b>6.6 SANDDRIFT</b>	
61	• Industrikai på Otterstad	C
	<b>6.7 GAMLE FERDAVEGAR</b> (prioritert tema)	
63	• Ferdavegen Mo - Farestveit	(A) B
64	• Stølsveg frå Steinsland (til Steinslandheimen/Stølsheimen)	(A) B
64	• Steinbru over Vetlestraumen, Nåmdal	B
	• Andre stølsvegar / ferdavegar	C
	<b>6.8 DIKTAREN OLAV NYGARD</b>	
65	• Diktarsteinen	B

Kart med oversikt over utvalgte kulturminne / kulturmiljø



Kartet er i målestokk 1:175.000

Prioriterte tema som er vist på egne kart : gamle ferdavegar, side 62  
stølsmiljø/ stølsvegar, side 50

## 1 INNLEIING

### 1.1 Bakgrunnen for og målet med planen

Bakgrunnen for at det vert laga ein kulturminnevernplan i Modalen er mellom anna det ansvaret som kommunen har etter plan- og bygningslova for å sikre at det vert teke omsyn til kulturminne ved arealplanlegging og byggetiltak. Målet med planen er:

1. Planen skal gjere eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast for vern
2. Planen skal vere ein reiskap for sakshandsamarar i kommunen innan arealplanlegging, byggesaker, landbruk og kultur.
3. Planen skal kunne nyttast til formidling av Modalen si historie og såleis skape forståing for kulturminnevern.
4. Kommunen treng ei prioritering av kulturminne og kulturmiljø for tildeling av tilskot til restaurering av eldre og verneverdige bygningar.
5. Planen skal syne døme på korleis ein kan bruke og samstundes ta vare på kulturminne i samband med t.d. reiseliv, friluftsliv, samt andre næringsverksemdar og tiltak.

### 1.2 Arbeidet med planen

I 1986 utarbeidde fylkeskonservatoren i Hordaland "Modalen kulturminnekatalog", som var eit førebels utkast til verneplan for kommunen. Våren 1999 fekk sivilarkitektane Trude Langedal og Sissel Riibe i oppdrag å fullføre kulturminnevernplanen.

I arbeidet med planen er tidlegare registreringar av kulturminne gjennomgått. Etter synfaringar sumaren og hausten 1999, er registreringane ajourført og supplert. Det er i tillegg nytta kjelder som bygdebøker og annan kulturhistorisk litteratur, gamle kart, informasjon frå lokalkjende, innspel frå fylkeskonservatoren m.m.

I november 1999 vart det halde eit orienteringsmøte om planen for dei nyvalde politikarane i planutvalet, hovedutval A. Fylkeskonservatoren deltok på møtet. 24. mai 2000 vart det halde eit ope møte for innbygarane i kommunen.

### 1.3 Kva planen inneheld

I planen er det nytta ein brei definisjon av omgrepet kulturminne. Det vil seie at alle spor etter menneskeleg verksemd vert rekna som kulturminne. Kulturminnevernplanen er kommunen si eiga samanstelling og evaluering av kulturminne og kulturmiljø, og det er verdien desse har for Modalen som er ramma for planen. Det er målet at kulturminnevernplanen skal syne eit utval av kulturminne og kulturmiljø som er representative for Modalen si historie, og som syner geografisk og kulturhistorisk breidd. Det er og eit mål at dei ulike kulturminna i eit område skal sjåast i samanheng, og at både fornminne, busetnad, vegfar, naturgrunnlag og kulturlandskap vert teke med.

Planen tek for seg faste kulturminne og kulturmiljø. Lause kulturminne, som til dømes arbeidsreiskap og laust inventar er ikkje tema i denne planen. Husflid og handverk, mattradisjonar, bunader, forteljingar, songar og liknande er heller ikkje med som sjølvstendige tema. Desse vert somme stader formidla gjennom dei faste kulturminna som er omtala, som til dømes skildring av mattradisjonar i samband med røykehus.



## 2 KVIFOR VERNA KULTURMINNE

### 2.1 Kulturminnevern er ein del av miljøvernet

I Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) "Miljøvern for en bærekraftig utvikling" vert det slege fast at vern og forvaltning av kulturminne og kulturmiljø handlar om å ta vare på ein ressurs som ikkje er fornybar, og som utgjer ein viktig del av ein heilskapleg ressurs- og miljøforvaltning.

Kulturminna er ein del av sjølve historia og ein viktig ressurs i samfunnet. Vern av kulturminne er vern av kunnskap, og kulturminna gjer i tillegg opplevinga av landskap og bygningsmiljø rikare. Ei side ved kulturminna som vert stadig meir lagt vekt på, er at dei gjev folket ei kjensle av identitet og tilhøyr i lokalsamfunnet. Kulturminne er òg med på å gje ein stad sin eigenart, og dette er særleg viktig i ei tid der utviklinga i samfunnet er prega av ein aukande einsretting gjennom påverking utanfrå. Ein kommune som tek vare på sine kulturminne vil og ta vare på sin eigenart, noko som vil bli ein stadig viktigare ressurs ikkje minst for bygdesamfunn.

I dei siste åra er ein for alvor vorte klar over presset kulturminna er blitt utsett for over ein lengre periode. Dei store endringane i samfunnet, spesielt i dei seinare åra, har ført til nye næringsvegar, endra kulturlandskap, nye busetjingsmønstre og nye krav til mobilitet og kommunikasjon. I denne samanhengen har kulturminna ofte blitt den tapande parten. Ein må då igjen hugse på at kulturminna er ressursar som ikkje kan fornyast.

### 2.2 Nasjonale mål, fylkesplanar og kommunale planar

#### Nasjonale mål

I føremålsparagrafen (§1) til Lov om kulturminne av 9. juni 1978 står det kva oppgåver kulturminnevernet har:

*"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet."*

#### Fylkesdelplan for kulturminne

I fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010 for Hordaland er det overordna målet formulert slik:

"Forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida."

Planen har i tillegg definert mål for følgjande tema:

- *Kulturminne og kulturmiljø*: Sikra kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde med nasjonal, regional og lokal verneverdi.
- *Forvaltning*: Forvalta kulturminne som ein integrert del av ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.
- *Kunnskap og formidling*: Sikra og formidla kunnskap som er knytt til kulturminne og kulturmiljø.

### Kommunale planar

I Kommuneplan til år 2000 for Modalen kommune (datert 13. mai 1991) heiter det under emnet kultur:

“Kommunen bør i framtida satsa på tiltak som er med på å bevare bygda sin kulturelle eigenart. I tillegg til å styrkja bygda og folket sin identitet, vil ivaretaking og utvikling av bygda sin kultur vera viktig med tanke på reiselivsnæringa.”

I Strategisk næringsplan for Modalen kommune (vedteken av Modalen kommunestyre 29.01.1998) heiter det under strategien for reiseliv: “For at reiselivet kan vidareutviklast, må det arbeidast for tilrettelegging av opplevingstilbod m.a. basert på vår lokale jordbruks- og bygdekultur”.

Vassbruksplanen for Modalsvassdraget (1992) har som hovudmål å sikre ei økologisk og framtidssretta forvaltning av vassdraget. Dette tyder at bruk utan forbruk har prioritet i og langs vassdraget. Planen har følgjande hovudmål for kulturvern:

- sikre og gjere kjende viktige fornminne og kulturminne
- nytte kulturverdiane i turistsamanheng og i samband med friluftsliv.

Som ei vidareføring av vassbruksplanen og ei oppfølging av arealplanen ynskjer elveeigarlaget i Modalen kommune å utarbeide ein kultur- og naturforvaltningsplan for Modalsvassdraget. Elveeigarlaget har søkt om tilskot til områdetiltak for Modalsvassdraget. Det er målet at kulturminne og kulturlandskap i tilknytning til vassdraget skal vere ein del av prosjektet.

Dei ulike planane som er gjennomgått ovanfor syner at kommunen ser kulturminneverdiane som ein viktig del av dei fysiske omgjevnadene. Ei naturleg oppfølging av dette må derfor vera å integrera kulturminnevernplanen i kommuneplanlegginga.

### 3 KORLEIS VELJA UT FOR VERN?

#### 3.1 Metode for vurdering av verneverdi

Synet på kva som er verneverdig vil veksla med tida og med fagleg syn til dei som vurderer. Samfunnet si haldning til kulturminnevern vert òg endra over tid. Det er derfor ikkje mogleg å koma fram til eintydige, objektive svar på kva for kulturminne som bør vernast og korleis ein skal verna dei. Ein kulturminnevernplan kan difor ikkje skrivast ein gong for alle, men bør oppdaterast med jamne mellomrom.

Alle kulturminne frå tida før 1537 er automatisk freda etter Lov om kulturminner, medan kulturminne frå nyare tid ikkje er det. Det er ikkje mogleg å ta vare på alt, og difor er det naudsynt å gjere eit utval av kva ein meiner er viktigast å verna. Dette inneber likevel ikkje at kulturminne utanfor dette utvalet ikkje bør takast vare på.

Som eit hjelpemiddel til å velje ut kulturminne og kulturmiljø for vern er det laga ei oversikt over kva for verdiar eit kulturminne eller kulturmiljø kan ha i vernesamanheng. Oversikta bygger på eit oppsett utarbeidd av Riksantikvaren og tilpassa lokal bruk:

**Kunnskapsverdiar** er knytt til kulturminna som historisk kjelde til kunnskap om fortida. Kulturminna kan supplere andre kjelder og gje kunnskap om bu - og levkår, sosiale kår, arbeidsliv og næringsstruktur, utnytting av naturressursane, tilpassing til landskapet, byggeskikk og arkitekturhistorie. Dei kan og vere knytt til viktige hendingar og personar. For førhistorisk tid er fornminna langt på veg dei einaste kjeldene til kunnskap om liv og virke.

**Opplevingsverdiar** er knytt til identitet og estetikk. Identitetsverdi seier noko om den evna kulturminna har til å skapa gjenkjenning og tilhøyring til t.d. bygda eller eit spesielt landskap, ein sosial-klasse eller etnisk gruppe. Eit kulturminne kan òg verte eit symbol for ein stad, ei gruppe menneske eller ei særskild viktig hending. Kulturminne/kulturmiljø med historiske verdiar kan òg innehalde store estetiske kvalitetar. Desse eigenskapane er knytt til opplevinga i seg sjølv, og til kvaliteten i arkitektur, handverk og landskapsbilete.

**Bruksverdi** er knytt til økonomisk verdi, praktisk nytte og pedagogisk potensiale. Eit kulturminne kan fylla praktiske nytte og representere økonomiske verdiar for eigaren og for samfunnet. Høg bruksverdi vil kunne gjere vern enklare, men kan lett kunne koma i konflikt med andre viktige verdiar dersom bruken krev for store endringar og tilpassingar.

Pedagogisk potensiale seier noko om evna eit kulturminne/kulturmiljø har til å formidle kulturhistoria på ein god måte. Det er då vesentleg at kulturminnet/kulturmiljøet er tilgjengeleg for at det skal kunne nyttast til pedagogisk føremål, og dette gjer somme meir egna enn andre. Å ta vare på kulturminne og kulturmiljø gjer det òg mogleg å halda i hevd og ta lærdom av gamalt handverk, driftsmåtar og andre tradisjonar.

I tillegg har følgjande faktorar innverknad på verneverdien:

**Alder** kan ha noko å seie for verdien til eit kulturminne. Det at eit kulturminne har høg alder kan i seg sjølv vere verdifullt, men alderen må òg sjåast i samanheng med type kulturminne og geografisk område.

**Autentisitet** seier noko om kor opphavleg eller ekte eit kulturminne/kulturmiljø er. Autentisitet omfattar form, konstruksjonar, materialar, overflatebehandling, bruk og miljøsamanheng.

### Representativitet/sjeldsyn

Representativitet heng saman med kva for sosial klasse, geografisk område, tid, type, mangfald og eigenart eit kulturminne/kulturmiljø representerer.

Sjeldsyn kan sjåast på to måtar: Det eine er noko som har vore vanleg, men som er vorte sjeldan. Det andre er noko som er og alltid har vore sjeldan.

Miljøverdi kan tyde den verdien miljøet har som heilskap, eller den verdien det einskilde kulturminnet har for miljøet. Eit gardstun kan ha stor miljøverdi sjølv om ikkje dei einskilde husa er så verneverdige, men fordi dei utgjer eit heilskapleg miljø som syner viktige sider ved kulturhistoria. Verdifulle einskildobjekt innanfor eit kulturmiljø aukar på si side verneverdien.

*Kor stor verneverdi eit kulturminne eller kulturmiljø har for lokalsamfunnet Modalen avhengjer av kva ein vel å leggje vekt på i dei ulike samanhengane. Når ein skal velje ut kulturminne og kulturmiljø for vern vert det ofte ei avveging mellom dei ulike verdiane som er nemnde ovanfor.*

### 3.2 Prioritering av kulturminne og kulturmiljø

Kjennskapen til kulturhistoria og til kva som finst av kulturminne og kulturmiljø i Modalen byggjer på synfaringar, informasjon frå lokalkjende, tidlegare registreringar, førebels utkast til verneplanen frå 1986, innspel frå fylkeskonservatoren, historisk litteratur og gamle kart.

Det har vore eit mål at dei utvalde kulturminna og kulturmiljø til saman skal vere med å gje eit bilete av korleis Modalen har utvikla seg sidan den første busetjinga. Utvalet skal dekkja ulike tidsperiodar samt syne geografisk og kulturhistorisk breidd og særmerkte trekk ved kulturminna i Modalen. Utvalet skal vidare syne døme på utnytting av naturressursane ved fjorden, i dalen og i fjellet, busetjingsmønster, utvikling av næringslivet og byggeskikk. Då alle fornminne er automatisk freda har dei ikkje vore gjenstand for verdisetjing, men dei er trekt inn i planen som del av utvalde kulturmiljø.

Ved utveljinga er det først og fremst lagt vekt på kunnskapsverdiar, dvs. den verdien kulturminna/kulturmiljøa har som historisk kjelde til kunnskap om fortida. Opplevingsverdiar og bruksverdiar og andre faktorar som alder, autentisitet o.a. har bygd under grunngjevinga for utveljing og vern. I vurderinga og utveljinga er det òg lagt stor vekt på miljøverdi. Dei utvalde kulturminna utgjer såleis i dei fleste tilfelle eit bygningsmiljø eller større kulturmiljø.

I kapitel 6 vert det i grunngjevinga for dei utvalde kulturminne/kulturmiljø opplyst om kva for verdiar det er lagt vekt på i kvart enkelt tilfelle. Sjølve omgrepa i oversikten ovanfor er ikkje alltid direkte nytta i grunngjevinga, men har vore til hjelp ved utveljinga.

#### Prioriterte tema

Nokre tema er peikt ut som særst viktige, fordi det er sider ved kulturarven som er særprega for Modalen, eller som er i ferd med å gå tapt. Når det gjeld desse kulturminna/ kulturmiljøa vert heile utvalet prioritert, samstundes som einskilde av dei er spesielt framheva. Desse tema er:

- gamle ferdavegar
- stølsmiljø
- markaløer/slåtteløer
- røykehus

### 3.3 Vernegrupper

Dei prioriterte kulturminne og kulturmiljø er delte inn i tre grupper:

- A. Kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova, samt kulturminne og kulturmiljø med nasjonal eller svært stor lokal verdi som er av ein slik kvalitet at det bør vurderast freding etter kulturminnelova.
- B. Kulturminne og kulturmiljø med stor lokal verdi som bør sikrast ved særskilde tiltak, først og fremst regulering til spesialområde for vern etter plan- og bygningslova § 25.6. Dette medfører eit generelt riveforbod, og spørsmål om endringar og andre byggetiltak bør sendast til kulturminneforvaltninga i fylket (fylkeskonservatoren) for vurdering.
- C. Andre verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Spørsmål om endringar, riving og andre byggetiltak må vurderast i kvart tilfelle. Det vil òg vere aktuelt å sende saker innanfor denne gruppa til kulturminneforvaltninga i fylket (fylkeskonservatoren) for vurdering.

Alle kulturminne og kulturmiljø innan gruppene A, B og C bør ved rullering av kommuneplanen merkast av på kommuneplankartet. Alle kjende automatisk freda kulturminne skal merkast av med rune-R. For kulturminne innan gruppe B og C kan ein nytta bokstaven K for enkeltobjekt og mindre område, og skravering /særskilt farge for større område.

## 4 LANDSKAP OG HISTORIE

### 4.1 Naturgrunnlag og landskap

Området som utgjør Modalen kommune spenner frå den tronge Mofjorden i sør til mektige Stølsheimen i nord. I Stølsheimen finn ein høge fjell, store vidder, fine fiskevatn og godt jaktterreng. Tidlegare vart dette området kalla Steinslandsheimen. Modalen er den naturlege innfallsporten til dette landskapet. Dalen er ein trong u- dal med flat dalbotn som er fylt opp med sand og grusavsetning frå istida. Fjellsidene stig bratt opp frå dalbotn mange stader. Andre stader er landskapet opnare og mildare. Modalen har svært høg nedbør, men det kan og det verte svært varmt om sumaren.

Storparten av arealet i kommunen er fjellområde, heile 70% av arealet ligg over 600 moh. Den høgaste fjelltoppen i kommunen er omlag 1300 moh. Kommunen er totalt 385 km<sup>2</sup>, av dette er 25 km<sup>2</sup> skogdekt eller egna til skogproduksjon, medan berre 5 km<sup>2</sup> er jordbruk, dyrkingsareal eller bygningar.

Inst i Romarheimsfjorden ligg Mostraumen, ei 600-700 m lang trong passasje inn til Mofjorden. Før 1743 låg skilje mellom fersk- og sjøvatn her. Vatnet innafor straumen heitte Movatnet og låg litt høgare enn fjorden utafor. Storflaumen i 1743 reiv bort eit smalt eide av grus ved Mostraumen. Etter flaumen grov flo og fjøre straumen djupare og fjorden strekte seg heilt inn til Mo. Strandlinja vart no lågare og gardane på Mo og Otterstad fekk nye bær ned mot fjorden som tidlegare hadde lege under vatn.

### 4.2 Busetnad og bruk av landskapet

Dei første steinalderjegarane kom frå sør og til det knapt isfrie landet for omlag 10000 år sidan. Buplassane frå fangststeinalderen, som varde fram til omlag 4200 år før notid, finn ein først og fremst på ytterkysten. Førebels ser det ut til at fjord og fjell i Hordaland vart busett noko seinare, men funn av "nye" buplassar vil auka kunnskapen om forhistoria. Hellerbuplassen som vart oppdaga ved Nottveit i 1993 er frå steinbrukande tid, og såleis eit døme på at det kan ha vore busetnad inne i fjordane også i steinalderen.

Overgangen til jordbruket omlag 4200 år før notid utgjør eit fundamentalt tidsskifte i førhistorisk tid som endra mennesket sitt tilhøve til naturen, både fysisk og mentalt. Jordbrukarane vart etter kvart bufaste, og folk slo seg ned på stader som låg høveleg til for beiting og korndyrking, på kysten og innover fjordane. Frå bondekulturen i bronsealderen er skipsfigurar vanlege motiv på helleristningar, og slike er funne på ein bratt bergvegg på Skjeljanaset ved Mostraumen. Dei kan vere omlag 3000 år gamle. Gravhaugane på Krossdal og lause gjenstandar som sverd, øks og piloddar som er funne fleire stader i Modalen er spor etter busetjing frå yngre jernalder/vikingtid, omlag 600-1050 e.Kr.

Dei fyrste busetjarane valde bustadene sine med stor omhug. Det var viktig at staden låg sentralt og nær ferdselsvegar, anten det var sjøvegen eller over land. Elveterrassene var sjølvdrenerande og lett drivne, og ofte var det her dei fyrste busetjarane slo seg ned. Stort sett var det langt mellom kvar gard. Frå desse eldste gardane flytta nokre av slekta ut og bygde seg nye gardar, dette er eit vanleg utbyggingsmønster i mange bygder. I Modalen vart store delar av bygda avfolka etter svartedauen. Då reformasjonen kom flytta folk som smått tilbake til dalen.

Dei øvste gardane i dalen, Nygard og Steinsland, ligg i foten av Stølsheimen. På Nygard er

det funne mange dyregraver og restar etter fangstanlegg. Garden ligg på om lag 400 moh og er den einaste fjellgarden i Modalen. Dei andre gardane ligg langs fjorden og på flatane innover hoveddalføret. Inste garden i Modalen er Steinsland som ligg 120 moh. Fjellområda ikring Steinsland hadde rike naturressursar med store fjellvidder med gode beiter, rike fiskevatn og dyreliv.

I dalsidene og fjellområda i Modalen har det vore stølsdrift frå langt tilbake i tid. Stølane viser den sesongvise jordbruksdrifta med utnytting av beiteressursane i fjellet. Stølsdrift var av stor økonomisk verdi tidlegare, men er ikkje rekningsssvarande for gardbrukarane i dag. Det er no heilt slutt på tradisjonell stølsdrift i Modalen.

Utskifting på gardane, nye driftsmåtar og auka mekanisering i jordbruket har endra kulturlandskapet. Nede i dalen har landskapet vorte mindre variert, med store samanhengande åkerflater. Beitemark og slåtteeenger har grodd att eller vorte planta til med granskog. Utmarka vert heller ikkje nytta på same vis som tidlegare, dalsidene og stølane gror att når slått og beiting tek slutt.

Jordbruket var så og seia einaste levevegen for modølingane til ut på 1800- talet. På slutten av århundret kom det nokre få handverkarar og handelsmenn. Sanddrifta vart ein viktig næringsveg i Modalen utover 1900- talet, som attåt næring til gardsdrifta, men og som hovudnæringsveg for mange. Sanddrifta har endra store delar av landskapet, særleg i nedre delar av dalen.

Høg nedbør gjev stor vassføring til Moelvi som fløymer gjennom dalen frå Øvre Helland til Mo. Vasskrafta er ein ressurs som vart utbygd utover 1900-talet, fyrst som små kraftverk som produserte straum til gardane lokalt (Grønhaug, Nottveit). Sidan vart Modalen Kraftlag skipa og Hellandsfossen bygd ut. Her vart det produsert straum til heile bygdane, unnateke Nygard og Steinsland. Steinslandsvassdraget vart bygd ut av BKK (Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap) med Stølsvatnet som hovedmagasin. I Modalen vert det no produsert elektrisk kraft til ca. 45 000 hunder. Kraftutbygginga har gjeve kommunen store inntekter, men ho har òg medført store inngrep og endringar av landskapet.

Mo er ein gamal kyrkjestad. Kyrkja er fyrst nemnt i 1382, men det er mogleg at det vart bygd kyrkje på Mo så tidleg som på 1100-talet. På den tida vart det bygd kyrkjer i mange utkantbygder. Mo låg strategisk til mellom innlandsbygdene og sjøvegen. På 1600-talet høyrde alle gardane i Modalen og gardane frå Høvik til Lavik i Eksingedalen til Mo kapellsokn. Eksingedølane hadde svært tung kyrkjeveg over fjellet til Farestveit eller Krossdal. Dei fekk bygd eiga kyrkje på Flatekvål i 1626, fyrst og fremst for at bygdefolket i Eksingedalen skulle sleppe å dra på likferd til Mo. Det vart berre halde gudsteneste i kyrkja på Flatekvål ein gong i året, elles møtte folk til kyrkja på Mo. Eksingedalen vart verande under Mo kapellsokn heilt fram til 1881. Noverande kyrkje på Mo er bygd i 1882.

Modalen har vore eigen kommune sidan 1910, med kommunesenter på Mo. Kommunen fekk sine noverande grenser i 1964. Då gjekk gardane i Eksingedalen over til Vaksdal kommune medan gardane Dyrkollbotn, Nipa og Eiterdal gjekk over til Lindås.


Moderne vegsamband fekk Modalen fyrst i 1976. Fram til då var sjøvegen den viktigaste tilknyttinga til omverda. Modølingane hadde og samband over fjella til andre bygder, og det går gamle ferdavegar over til både Eksingedalen, Voss og over til Sogn. I 1996 vart den nye vegen mellom Modalen og Romarheim opna. No vart òg gardane på Nottveit vegfaste, men framleis er grendene Langedalen og Mostraumvika ute i Romarheimsfjorden vegause. Desse stadene er nesten heilt fråflytta no, men kanskje kan det nye vegsambandet gjev nye høve for busetnad her?

### 4.3 Byggeskikk

#### Klyngjetun og utskifting

Det vestnorske klyngjetunet med fleire brukarar i same tun, er ei busetnadsform som har sett sitt preg på kulturlandskapet heilt fram til andre halvdel av 1800-talet. Husa vart plassert slik at dyrka marka vart spart. Etter kvart som folketalet auka utover 1800-talet vart gardane delte i fleire bruk. Alle skulle ha lik fordeling av teigar med god og mager jord, og dette resulterte i at jorda vart oppdelt i svært mange små jordstykke.

Ei av dei mest omfattande endringane av landskapsbiletet er oppløysinga av desse gamle fellestuna. Når utskiftinga for alvor kom i gang mot slutten av 1800-talet, vart driftsformer heilt attende til bronsealderen borte. Utskiftinga (jordskiftet) var organisert og i stor grad finansiert av staten, men det var grunneigarane som bestemte om og når dei ville gjennomføre ho.



Skjematisk planteikning av tunet på Straume før brannen i 1882

I Modalen var det utskifting på dei fleste gardane kring 1900. Utskiftinga byrja oftast på dei gardane som hadde mest tungdriven jord med mange småteigar. Etter utskiftinga fekk bøndene samla innmarka, og gardane vart mykje meir lett drivne enn før. Gardshusa vart flytta og bygd opp att på den nye innmarka som kvar brukar hadde fått tildelt. Dette medførte ei stor endring i busetnadsmonsteret. Medan gardane før utskiftinga låg tett saman som små landsbyar, vart gardstuna no liggjande kvar for seg. Utskiftinga førte til ei oppløysing av det gamle fellesskapet knytt til arealbruk, busetjing, driftsteknikk og -økonomi, samt sosiale tilhøve. Det vart ei individualisering av gardsbruket. Også på gardar der det ikkje var utflytting av tun, kunne det skje ei omforming av areala.


Nokre stader finn ein framleis tradisjonelle klyngjetun, eller restar etter slike. I Modalen er beste døme på dette Steinsland der det var utskifting så seint som i 1949. På dette tunet var det tre bruk. Då det eine bruket flytta husa sine, vart dei høge grunnmurane ståande att og syner framleis korleis husa låg i høve til kvarandre.

Ein hustype som oftast ikkje vart med då dei flytta husa etter utskiftinga, var smia. Før fanst det smier på kvar einaste gard, no var det ikkje lenger bruk for heimesmidde ting. I dag er det stort sett på gardstuna som ikkje vart flytta etter utskiftinga ein framleis finn smier.



### Lemstove med midtgang og bu / langhus

Før utskiftinga var bygningstypen som lokalt ofte vert kalla langhus vanleg i Modalen. Det som kjenneteiknar denne hustypen er mellom anna ein lang og smal bygningskropp (omlag 5m x 20 m), der bua er bygd til i lengderetninga av bustaden. Truleg er dette ein lokal variant ein finn i dei indre fjordbygdene. Mykje tyder på at bustadhuset på Steinsland er det best bevarte døme på denne hustypen. No er det berre tre slike hus att i Modalen. Desse finn me på Steinsland, Nygard og Otterstad. Alle står på tun som ikkje vart flytta under utskiftinga.



Bustadhus på Straume bruk nr. 4, byggeår ukjent, bygd til i 1871, vart rive i 1971

### Bustadhusa etter utskiftinga

Folk nytta høve til å byggje om og utvide husa sine når dei likevel vart flytta. Ein nytta òg det som kunne nyttast av tømmeret frå gamlehuset. Dei nye bustadhusa og løe-florsbygningane var langt på veg bygd med omlag same grunnplan på alle gardar.

Ein vanleg hustype frå slutten av 1800- talet er lemstove med midtgang. Hustypen vert også kalla bygdeempire og er truleg påverka av den symmetriske planløyising til empirehus i byane. Ein finn fleire hus av denne typen i Modalen, mange av dei er bygd om, har fått nye vindauge og er vorte bygd på.

Overgangen frå røykonn til grue med pipe gjorde at ein kunne byggje lem over fyrste høgda. Lemstova er symmetrisk både i plan og fasade, og planløyisinga var oftast løyst med ei stove i kvar ende av bygningen, "storastova og "vetlastova". Mellom dei var det gang og kjøkken. Attmed "vetlastova" var det gjerne eit kammers. I denne delen av huset budde oftast kårfolket. Husbondfolket hadde senga si i "storastova", her sov og dei minste borna, medan dei større borna låg i andre høgda, på lemme over stova; "stovelemmen". Mange bygde ei ark på huset og fekk på den måten eit ekstra rom oppe og altan framfor inngangsdøra nede. Byggetradisjonen med kårhus under same tak som stova er eit typisk trekk for dei indre fjordbygdene, og særleg Modalen og Eksingedalen.




Lemstove med midtgang

### Grindbygde løer og naust

Få andre stader i Europa har stavbyggingsteknikken eller grindverksbyggingane halde seg så lenge som på Vestlandet. Dette er i prinsippet same konstruksjon som i stavkyrkjene, og er ein tusenårig byggetradisjon. Grindverkskonstruksjonen utgjer ein sjølvberande frittstående konstruksjon med "verhud"/ kledning i brake, steinheller eller trepanel som er festa i opplengjer utanfor sjølve stavene. Grindbygging var mest nytta utover kysten, medan laftetradisjonen er dominerande inst i fjordane. Ein finn òg tendens til større grad av samanbygging av fleire funksjonar under same tak i dei ytre delar av fylket, medan det er vanleg at dei forskjellige funksjonane fekk eigne hus innover i fjordområda.

Vegger trædd med brake er ein svært gamal teknikk. Kledningen er oftast nytta saman med andre teknikkar som gråsteinsmurar eller kantstilte heller. Nålene dannar eit tett vegg sjikt som held vatnet ute, medan vinden slepp gjennom. Brakekledning er i dag mest utbreidd på Osterøy. Me finn ikkje mange døme på dette lenger i Modalen, og den einaste me veit om er på Granheim, der nordveggen i løa er kledd med brake.



Grindbygd hus, prinsipp-teikning

## 5 REGISTRERINGAR OVER KULTURMINNE I MODALEN

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei ulike kategoriar kulturminne som finst og kva for registreringar som er gjort i Modalen. I arbeidet med planen er registreringane gjennomgått, ajourførte og supplerte etter synfaringar sumaren og hausten 1999.

### 5.1 Fornminne

I Modalen kommune er det registrert både faste (jordfaste) og lause (gjenstandar) fornminne. Me har ikkje fullstendig oversikt over fornminna i kommunen, då det ikkje har vore systematisk registrering her. Kommunen var ikkje med i den landsomfattande ØK-registreringa av fornminne kring 1980, men det finst andre eldre registreringar av både faste og lause fornminne. Historisk museum i Bergen v/ Per Fett utarbeidde i 1967 ei oversikt over førhistoriske minne i Modalen. I samband med ulike utbyggingsplanar, mellom anna planlagt riksveg mellom Romarheim og Mo, er det sidan gjort nye funn.

Fornminneregisteret er ein database som Riksantikvaren eig og som Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU) er driftsoperatør for. Alle registrerte fornminne skal leggest inn i databasen, som etter kvart skal koplant mot GAB (Grunneiendom, Adresse, Bygning), slik at kommunane får tilgang til eit sett av opplysningar samt kartfestinga av kulturminna.

Ein kan aldri rekna med å få ein fullstendig kjennskap til alle fornminna, då dei fleste ligg skjult under matjorda. Med kjennskap til topografi og ressursgrunnlag, endringar i havnivå og busetnadshistoria kan fagfolk likevel seie noko om kor det er sannsynleg å finne fornminne. Fylkeskonservatoren meiner det truleg finst mange uregistrerte fornminne i Modalen. Ein må mellom anna rekne med å finne fleire fornminne på elveterrassane i dalen. Truleg er mange fornminne gått tapt med auka mekanisering i jordbruket og som følgje av sanddrift.

I utmarka er det få registrerte fornminne, men både ved fjorden, i dalsidene og på fjellet er det sannsynleg at ein vil finne spor etter menneskeleg verksemd frå langt tilbake i tid. Dette kan vere kulturminne knytt til jakt, fiske og fangst, jernutvinning, jordbruk, stølsdrift, vegfar m.m.

#### **Følgjande faste fornminne har me sikker kjennskap til:**

- Nottveit: Hellerbuplass frå steinbrukande tid. I samband med planlegging av riksveg mellom Romarheim og Mo vart det i 1993 funne ein hellerbuplass like nord for der riksvegen opphavleg var planlagt. Helleren ligg omlag 65 meter nord for gardsvegen ned til Naustvika, og 18-20 moh. Det tyder på at helleren har hatt tilknytning til forhistorisk bruk av sjøen. Helleren ligg inn mot urda innunder fjellfoten. Ei lita grasflate ligg innunder eit sørvend overheng som gjev godt le.
- Skjeljaneset, Mostraumen: Helleristningar med båtar på loddrett bergvegg rett over vannflata på nordsida av fjorden, frå bronsealderen og truleg omlag 3000 år gamle. Dei vart oppdaga i byrjinga av 1990-talet.
- Krossdal: Det var tidlegare tre gravhaugar på Krossdal, to av dei er grave ut. No ligg det ein gravhaug att. Funna som vart gjort i gravhaugane syner at dei er frå yngre jernalder.

## 5.2 Kulturminne under vatn

Me kjenner ikkje til at det er registrert kulturminne under vatn i Modalen kommune.

## 5.3 Kulturminne frå nyare tid

### Vedtaksfreda kulturminne

I Modalen kommune er ingen kulturminne eller kulturmiljø vedteke freda med heimel i kulturminnelova.

### SEFRAK-registeret

SEFRAK-registeret er eit landsdekkjande register for faste kulturminne yngre enn 1537 og eldre enn 1900. I nokre kommune har ein gått inn for ei yngre tidsgrense, og i Modalen kommune er kulturminne eldre enn 1940 registrert. Arbeidet vart leia av Sekretariatet for registrering av faste kulturminner (SEFRAK). Registreringa i Modalen gjekk føre seg 1979-1981. Under registreringane vart alle type kulturminne registrert, m.a. bygningar og restar etter bygningar, bygningsmiljø samt andre type kulturminne. Totalt vart det registrert 464 objekt i kommunen. Arbeidet vart utført ved at feltarbeidarar oppsøkte kulturminna og henta inn informasjon ved å intervju eigarar eller andre lokalkjende. Opplysningane om kvart kulturminne vart førte inn i standardiserte skjema med foto og planskisse.

På synfaringar sumaren og hausten 1999 kunne me danna oss eit bilete av stoda 20 år etter registreringane. Dei største endringane finn ein for stølar og utløer/markaløer. Her har mange bygningar falle ned eller vorte rive sidan 1980. Nede i bygda har dei største endringane skjedd i form av ombygging, påbygging og utskifting av vindauge på bustadhus og løer.

Kommuneadministrasjonen har kopi av alle registrerings skjema med kartfesting på økonomisk kartverk. Frå februar 2000 vart SEFRAK-data for heile landet kopla saman med bygningsregisteret i GAB (Grunneiendom, Adresse, Bygning) til Nasjonalt Bygningsregister. SEFRAK-registreringane vil no komme som tilleggsplysnings i dette dataregisteret, som skal vere tilgjengeleg for kommunen.

### Stølsregistreringar

Registreringsrapporten "Stølar i Stølsheimen" er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Hordaland i 1979. Registreringsarbeidet vart lagt opp i samarbeid med fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane. Det er eit grundig registreringsmateriale, mellom anna med oppmåling av alle stølsanlegg. Målsetjinga for arbeidet var:

1. Å leggja fram eit arbeidsgrunnlag for vidare planlegging i Stølsheimen, særleg med tanke på vern og ny bruk av stølar.
2. Å dokumentere fysiske kulturminne som er truga av kraftutbygging eller forfall.
3. Å gje eit mest mogleg oversyn over stølar i Stølsheimen.

I rapporten er det registrert 12 stølar i Stølsheimen innanfor Modalen kommune. I resten av kommunen er det registert 14 stølar i samband med SEFRAK-registreringa. Under synfaringar i 1999 vart så og seie alle stølane vitja og me kunne stadfeste at mange bygningar har falle ned eller vorte rive dei siste 20 åra, og mange stølsvollar gror fort att når dei ikkje vert beita eller slått. På vegen til stølane følgde me dei gamle stølsvegane. Somme av dei er merkte og vert brukt, medan andre vert lite brukt og gror att.

## 5.4 Vegfar

Dei er ikkje gjort særskilde registreringar av vegfar i kommunen, men kultur- og miljøkontoret ga i 1993 ut heftet "Ferdavegar i Modalen". Dessutan er det i bygdeboka kartfest gamle vegfar. Den gamle ferdavegen oppover dalen skal ifylgje bygdeboka ha vore i bruk i mellomalderen. Dette er førebels ikkje stadfesta av kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. Stølsvegar er teikna inn på "stølskartet" i kulturminnevernplanen.

## 5.5 Kulturlandskap


I prosjektet "*Nasjonal registrering av Verdifulle kulturlandskap i Norge*" på 1990-talet vart det prioritert verdifulle kulturlandskap med biologiske/økologiske og kulturhistoriske verdiar for kvart fylke. I Hordaland vart det vald ut 7 område, men ingen av dei ligg i Modalen. Me kjenner ikkje til om det vart gjort særskilde registreringar i Modalen i den samanhengen.

I arbeidet med kulturminnevernplanen er det ikkje gjort særskilde registreringar eller avgrensingar av verdifulle kulturlandskap. Kulturlandskap er først og fremst trekt fram der dei er viktige omgivnader kring utvalde gardstun, stølsmiljø, utløer og liknande. Det er fordi samspel mellom bygningar og landskapet ikring er ein viktig føresetnad for eit vellukka resultat ved vern av kulturminne.


## 5.6 Stadnamn

Registrering av stadnamn er gjennomført i Modalen i regi av kulturkontoret. Stadnamna er kartfesta på økonomisk kartverk. Det vart òg gjort lydbandopptak av stadnamna. Registreringane finn ein hjå kulturkontoret.

6 FRAMLEGG TIL UTVALDE KULTURMINNE OG KULTURMILJØ



Mo sentrum, målestokk 1:2000



Mo kyrkje sto ferdig i 1882. Ein ser Kvernhussfossen i fjellsida bak kyrkja.

## 6.1 MO SENTRUM

Mo ligg nedst i Modalen på elvesletta der Moelvi renn ut i Mofjorden. Mo har frå gammalt av vore sentrum i Modalen. Her var kyrkjestad og handelsstad, og sentrum for styringa i bygda vart lagt her etter at Modalen vart eige herad i 1910. Fyrste gong ein finn kyrkja på Mo nemnt er i 1360. Mo var òg knutepunktet i bygda når det gjaldt samkvem med omverda. Anten det gjaldt varar eller folk, gjekk transporten tidlegare med båt frå Mo. Før det kom veg til Eidslandet nytta òg bøndene i Eksingedalen båtstøa på Mo. På Mo finst fleire gamle bygningar som er knytt til anna verksemd enn gardsdrift.

I Mo sentrum finn ein i dag kommunehuset med samfunnssal som vart bygd på 1970-talet, det gamle handelslaget som no huser kafé/pub og bibliotek, nytt servicebygg som inneheld handelslaget og gjestehus med gjestehamn utafor, nytt opparbeida grøntområde med badestrand, Mo kyrkje, samt fleire eldre bustadhus. Gardstuna på Mo-gardane ligg heilt inn mot sentrum og er såleis ein viktig del av dette miljøet.

Følgjande kulturminne er regulert for vern i reguleringsplan for Mo sentrum 08.12.1993:

**1. Mo kyrkje.** Mo er ein gammal kyrkjestad, og det har stått to kyrkjer om lag på samme staden som den noverande, som stod ferdig og vart vigsla i 1883. Kyrkja er teikna av byggmeister Johannes Øvsthus frå Hosanger, og vart kosta av bygdefolket utan hjelp utanfrå. Mo kyrkje rommar 220 menneske og er ei langskipa kyrkje i tømmer bygd i nygotisk stil. Kyrkja vart restaurert og noko påbygd i 1976-77. Inne i kyrkja finst det ei fin altertavla frå 1612 med inskripsjonen "Fadervår". Kring 1980 vart kyrkjegarden utvida, og det vart reist eit bærehus med lager og arbeidsrom. Då kyrkja er eldre enn 90 år skal saker som har med bygningen og interiøret å gjere leggjast fram for Riksantikvaren.

**2. Otterstad bru (001-244):** Hengjebri i stål over Moelvi, bygd i 1936-1937.


**3. Mo handelslag (001-172)** ligg ute på kaia der Bruvik i dag legg til. Mo handelslag vart skipa i 1873, og bygningen vart sett opp i 1877/1898? som handelslag med bustad. Bygningen inneheldt òg lager for butikken og var i austenden som vende mot sjøen bygd som ei sjøbu med vindehus. Huset var sett opp i enkel sveitserstil i 2 ½ etasje og var veldig ulik dei lokale bygningstypene. Huset har vorte bygd på fleire gonger og på 1990-talet vart det gjennomført ei større ombygging. Butikken vart då flytt over til ein ny bygning like ved og det er no etablert kafé/pub og bibliotek i det gamle handelslaget.

**4. Nord for Handelslaget ligg den gamle Soknastova (001-164).** Huset skal vere bygd i 1918 og var i bruk som heradshus, forsamlingshus og bedehus. Huset er bygd i enkel sveitserstil, såkalla bondesveitser, i to etasjar. Huset vart i 1973/74 ombygd til bustadhus.

**5. Bakom Soknastova ligg eit lite bustadhus frå 1905 på Solvang (001-165).** Her heldt rikstelefonen til frå 1921 til 1974. Huset var opphavleg bygd som ei enkeltbreidda lemstove i såkalla bondesveitser, men i 1920 vart det påbygd to kammers, og ein veranda ved inngangen i 1930-åra. Huset er restaurert ganske nyleg. Eit lite uthus høyrer til.

**6. Det såkalla Skomakarhuset på Fredheim (001-166)** vart bygd i 1913 som bustadhus og skomakarverkstad. Huset vart opphavleg bygd i to etasjar, men har seinare vorte bygd på både i høgda og breidda og er no det største bustadhuset i Mo sentrum.

**7. Huset bak Skomakarhuset er ei enkeltbreidda lemstove (001-167)** som vart bygd som lærarbustad i 1918. Huset har fått bygd til eit bislag mot nordvest, men er likevel det huset i Mo sentrum som er mest opphavleg.



*Bustadmiljø i Mo sentrum som er regulert for vern*

Grunngeving for vern:

Mo sentrum og dei einskilde bygningane representerer til saman ulike sider ved fellesskapet si historie, både når det gjeld offentlege funksjonar, kyrkje og kristenliv, handel og andre tenester. Mo sentrum var i lang tid bindeleddet mellom dalen og omverda. Det gamle handelslaget er den einaste eldre bygningen i sentrum som er vend mot sjøen og som viser kor viktig kontakten den vegen var tidlegare.

Dei eldre trehusbygningane er meir eller mindre prega av den enkle lokale sveitserstilen, der ein del detaljar går att på fleire av husa. Likskap i materialar og stil, og for det meste i storleik, gjer at dei høyrer i hop og utgjer eit verdifullt bygningsmiljø. Gardstuna på Mo-gardane med innmarka heilt inn mot sentrum viser den nære tilknytninga mellom bygdesenteret og jordbruksmiljøet.

Vernegruppe:

Delar av sentrum er allereie regulert til spesialområde vern :

**B**



## 6.2 ANDRE FELLESBYGNINGAR OG - ANLEGG

Den første skulelova kom i 1739, og allmugeskulen vart innført på landsbygda. Klokkarar og andre "skoleholdere" skulle ta seg av opplæringa. Der det ikkje kunne haldast fast skule måtte ein få i gang omgangsskule. På landsbygda var det omgangsskule den første tida med opp til 12 veker skule i året. Skuleordninga ein kom fram til for Mo sokn starta ca. 1750 og gav skuleborna undervisning berre ein månad i året. To skulehus vart sett opp i 1888, eit på Hugnadstad og eit på Øvre Helland. I 1958 stod det nye skulehuset ferdig på Hugnadstad, og då vart skulen på Øvre Helland nedlagt. På Nygard og Steinsland heldt omgangskulen fram til ca. 1936. Etter dette gjekk skuleborna frå Nygard og Steinsland òg på skule på Øvre Helland. Då budde dei på Øvre Helland og Straume i vekene, iallfall om vinteren når det var uråd å gå heimatt den lange vegen.



*Skulehus og uthus  
på Mostraumbøen*

### **Skulehus, Mostraumen (reg.nr. 001-063, 064)**

Skulehuset på Mostraumbøen vart bygd 1901, og her var det undervisning fram til 1970. Anlegget ligg fint til på nedre delen av Mostraumbøen, i elvekanten ved Mostraumen. Det er ikkje noko inngjerda skulegard, og innmarka på bøen går heilt bort til trammen på skulehuset. Eigar er Modalen kommune. Skuleanlegget er godt bevart. Sjå og under Mostraumen - Mostraumbøen.

1. Skulehuset (001-063) er bygd i 1901 og er ein tradisjonell liten grendeskule med klasserom i første høgda.
2. Uthuset (001-064) er bygd i 1929-30 og inneheld vedhus og utedo.

### Grunngjeving for vern:

Det vesle kvitmåla skulehuset, grendeskulen, er eit symbol på utdanningsamfunnet si framvekst på landsbygda. Heile skuleanlegget har eit opphavleg preg og både skulehus og uthus er karakteristiske døme på denne typen bygg. Skulen ligg i eit område med stor kulturhistorisk verdi og store landskapskvalitetar.

Vernegruppe:            **B**

### Framlegg til tiltak:

Skulehuset på Mostraumbøen kan i samband med reiselivstiltak leigast ut til turistar.

### Ungdomshuset i Neraneset


Mellomkrigstida var ein rik periode for ungdomslagrørsla, og mange ungdomslag bygde seg egne hus i denne tida. Modalen ungdomslag vart skipa i 1895. Det byrja som leselag og var for mange den einaste staden dei kunne få tak i bøker. Ungdomshuset stod ferdig i 1924. Uthuset ligg bak ungdomshuset. Heile anlegget ser ut til å vere godt teke vare på.

1. Ungdomshuset (001-235) er bygd i 1924. Det er nye vindauge og eit påbygg på baksida, elles har huset eit opphavleg preg.
2. Uthuset (001-236) er bygd i 1938, og inneheld vedhus og utedo.

#### Grunngjeving for vern:

Representerer framveksten av den frilynde ungdomslagrørsla som har hatt mykje å seie for bygde-Noreg si sjølvkjensle. Ungdomshuset med uthus er ein karakteristisk døme på denne typen bygg og har stor grad av autentisitet.

Vernegruppe:            C



*Ungdomshuset i Neraneset*

### **Kyrkjegard på Farestveit**

Kyrkjegarden på Farestveit ligg midt i kulturlandskapet, omkransa av jorder. Det er bygd ein liten steingard kring kyrkjegarden, og eit nytt reiskaphus er fint tilpassa anlegget. Sjå kart under *Øyjordi, Farestveit*.

#### Grunngjeving for vern:

Kyrkjegarden ligg svært fint til i kulturlandskapet.


Vernegruppe: **C**



*Kyrkjegarden på Farestveit*



**Skulehus og bedehus på Sunnarhaugen, Øvre Helland (reg.nr. 002-074-076)**



Det vart bygd skulehus for borna oppe i dalen i Sunnarhaugen på Øvre Helland. Huset vart bygd samstundes med skulehuset på Hugnadstad i 1888. I fyrste etasje var det berre eit undervisningsrom forutan lærarrommet og gangen. På loftet vart det lagra ved for vinteren. Steinmuren kring skuleplassen vart sett i stand for nokre år sidan.

1. Skulehuset (002-074) er bygd i ein enkel seinempirestil, med 1 ½ etasje og treromsplan i første høgda. Det er seinare bygd til eit lite bislag utanfor gongen. Øvre Helland skule er eigd av Modalen kommune og det er i dag skulemuseum i den gamle skulestova.
2. Uthus (002-075): Ved skulen og bedehuset er det eit uthus med utedo og vedlager.
3. Bedehuset (002-076) er bygd i 1937 – 38 og ligg ved skulen på Sunnarhaugen.

Grunngjeving for vern:

Heile skuleanlegget har eit opphavleg preg og både skulehus og uthus er karakteristiske døme på denne typen bygg. Skulehuset og bedehuset representerer to sentrale funksjonar i grenda - skulelivet og Indremisjonen. Skulemuseet kan nyttast i pedagogisk samanheng.

Vernegruppe:


- |  |          |
|--|----------|
| Skulehuset med skulemuseet:                        | <b>B</b> |
| Resten av området med bedehus, uthus og steingard: | <b>C</b> |



Skulehus og bedehus

### 6.3 NAUSTMILJØ

#### Naustmiljø på Nottveit (reg. 001- 089-096) / Hellerbuplass i Naustvika




Gardane på Nottveit var veglause heilt fram til 1996 då vegen frå Modalen til Romarheim opna. Fram til dette var det sjøvegen ein nytta for kontakt med omverda. Nottveit var ei tid samlingsstaden for dei andre veglause grendene (Mostraumen, Langedal og Mostraumvika) ved fjorden. Her hadde dei posten, telefon og stoppestad for rutebåten. Seinare vart dette flytta til Mostraumvika.

Kart over Nottveit



Sjøhus med steinbrygge (7)



**Naustmiljø:** Nottveitgardane har ei felles naustbukta som ligg nord for gardstunet. Naustmiljøet ligg svært fint til med utsikt innover fjorden mot Mostraumbøen. Frå Naustvika stig terrenget bratt opp mot gardstunet som ligg oppe på ein åskam. I dag står 4 av dei gamle nausta att, desse er 3 naust/sjøhus og eit bryggehus som står på dampskipskaia. I tillegg vert det sett opp eit nytt naust i tilknytning til naustmiljøet.

Tidlegare låg det òg ei brygge i Naustvika. Denne var bygd med trepelar av osp på utsida og fylt med stein imellom trepelane. Oppå bryggja vart det lagt plankar. Småbåtane la til ved denne bryggja når folk frå dei andre gardane hadde ærend på Nottveit. No er grunneigarane i ferd med å setja opp att bryggja.

**Hellerbuplass i Naustvika:** I samband med planlegging av riksveg mellom Romarheim og Mo vart det i 1993 funne ein hellerbuplass like nord for der riksvegen opphavleg var planlagt. Hellen ligg 18-20 moh, omlag 65 meter nord for gardsvegen ned til Naustvika. Dette tyder på at helleren har hatt tilknytning til forhistorisk bruk av sjøen.

**1. Sjøbu (001-089)** vart bygd ca. 1850. Huset ligg på kaia som vart nytta som stoppestad for rutebåten. Tre av veggene på nauset er lafta (plankeloft). Gavlveggen mot sjøen er stenderverk, huset er kledd med liggjande panel. Huset har fått nytt platetak, elles er det ikkje gjort særlege endringar.

**2. Ruin etter naust/ båtbyggeri (001- 090):** Tidlegare stod det eit naust her som m.a. vart nytta som båtbyggeri. I dag er nauset heit borte.

**3. Naust (001- 091):** Nauset er grindbygd, konstruksjonen er open, det er berre kledd att med panel i gavlane. Nauset vart sett istand og det vart lagt nytt tegltak i 1997.

**4. Naust (001- 092):** Her låg det tidlegare eit naust som i dag er heilt borte.

**5. Naust (001- 093):** Dette nauset er bygd i 1953 og ligg like bak sjøhuset (001-095). Nauset er kledd med liggjande panel og har port i gavlen mot sjøen.

**6. Steinbru (001- 094).** Det er bygd ei lita steinbru over bekken som renn ut i bukta.

Brufundamenta er steinmurar på kvar side av bekken, over fundamenta er det lagt store steinheller. Brua er framleis i bruk.

**7. Sjøhus (001- 095):** Sjøhuset står uti vatnet på peler mura opp av stein. Ei steinbrygge bind sjøhuset til land. Huset er grindbygd og er i to høgder. Tidlegare var det bygd eit tilbygg (skot) på eine langsida. Her vart båten rodd inn under tak, og det var dør frå skotet inn til sjøhuset. Overbygget er i dag borte. Dette er det mest særmerkte sjøhuset i naustmiljøet på Nottveit. For å kunne ta vare på miljøet er det svært viktig at dette vert sett i stand og teke vare på.

**8. Hellerbuplass:** Hellen ligg inn mot urda innunder fjellfoten. Ei lita grasflate ligg innunder eit sørvend helleroverheng som gjev godt le. Hellerbuplassen er merka av på oversiktskartet over Nottveit.



*Naustmiljø i Naustvika*

Grunngjeving for vern:

Naustmiljøet er eit godt døme på Modalen si tilknytning til fjorden, og vitnar om kor viktig sjøvegen har vore. Staden var eit viktig knutepunkt for gardane ute i fjorden. Bygningane har eit opphavleg preg, er godt tekne vare på og er gode døme på tradisjonell byggeskikk og byggeteknikk for grindbygde hus. Naustrekkja ligg fint i vika ved fjorden og gjev i fin oppleving for dei som kjem sjøvegen.

Funn på helleren vitnar om at den har vore i bruk i steinbrukande tid, og helleren er dermed eit automatisk freda kulturminne. Det er kjend få forhistorisk buplasslokalitetar frå desse meir indre fjordstroka, og helleren må karakteriserast som eit viktig funn.


Det store tidsspennet som samansetninga av kulturminna i Naustvika har, syner at området har vore i bruk over lang tid. Området har derfor stor kulturhistorisk verdi.

Vernegruppe:

- |                              |          |
|------------------------------|----------|
| Hellerbuplass i Naustvika:   | <b>A</b> |
| Naustmiljøet i Naustvika:    | <b>B</b> |
| Heile odden kring Naustvika: | <b>C</b> |

Framlegg til tiltak:

Nye naust bør byggast på gamle nausttuffer og tilpassast lokal byggeskikk.



### Naustmiljø Otterstad (reg. 001- 195-198)

Før Otterstad bru vart bygd i 1937, måtte bøndene på Otterstad i båt når dei skulle over til Mo. Til Mo måtte dei anten dei skulle til kyrkja, handelsmannen, posten, telefon og skule. Bøndene livnærte seg fyrst og fremst av jordbruk og skog, men og noko fiske. Nausta vart brukt som lagringsplass for båtar og anna utstyr. Ved og andre bondevarer som skulle seljast i Bergen, vart lagra i nausta før dei vart frakta ut. Korn og andre byvarer som vart teken med tilbake vart òg lagra i nausta og henta ved høve.

Det ligg 4 naust i rekkje like ved elvemunninga på Otterstad. Det eine naustet er av nyare dato medan dei tre andre truleg er frå siste halvdel av 1800-talet. Alle nausta er grindbygde med saltak. Opphavleg var det fem grindpar i alle tre nausta, langsidede var opne, medan gavlane og ein del av gavlveggen mot sjøen var kledd med liggande vestlandspanel. Nausta hadde torvtak, men desse er no lagt om til eternitt eller bølgeblekk. Nausta er kledd med vestlandspanel i seinare tid og det er bygd portar mot sjøen. Det ligg to steinbrygger på stranda framfor nausta.

**1. Naust (001-195):** Ligg lengst mot aust i naustrekkja. Det er truleg bygd på 1800-talet, og har eit solid grindbygg. Naustet er kledd med vestlandspanel og det er lagt bølgeblekk, men har elles eit autentisk preg.

**2. Naust (001-196):** Ligg i midten av dei tre gamle nausta. Det er truleg bygd på 1870-80-talet, og har eit solid grindbygg. Naustet har betongtakstein, men har elles eit autentisk preg.

**3. Naust (001-197):** Ligg lengst mot vest av dei tre gamle nausta. Det er truleg bygd på 1870-80-talet, og har eit solid grindbygg.


#### Grunngjeving for vern:

Naustmiljøet er eit godt døme på Modalen si tilknytning til fjorden, og vitnar om kor viktig sjøvegen har vore. Bygningane har eit opphavleg preg og er gode døme på tradisjonell byggeskikk og byggeteknikk for grindbygde hus. Dei opne veggane utan kledning var særmerkte for dei indre fjordstrøka i Hordaland. Nausta ligg ved den "opphavlege" strandlinja og naustrekkja, steinbryggene og den naturlege stranda utgjer eit verdifullt miljø, som og gjev ei fin oppleving for dei som kjem sjøvegen. Den sentrale lokaliseringa gjer at miljøet er godt egna i samband med undervisning og anna formidling.

Vernegruppe:

**B**







*Naust på Otterstad*



*Naust på Otterstad*



Gardstunet på Nottveit

## 6.4 GARDSMILJØ / STØLSMILJØ / KULTURLANDSKAP

### Gardsmiljø

#### **Gardstun på Nottveit (reg. nr. 001- 097/099/101/103)**

Ifylgje bygdeboka er det sannsynleg at garden vart oppteken og busett kring år 800 etter Kristi tid. I mellomalderen høyrde Nottveit til Munkeliv kloster, og Nottveitbøndene vart sjølveigarar tidleg på 1700 talet. Det var utskifting i 1890.

Gardstunet på Nottveit ligg på ei høgd 35 moh, med utsyn både inn og ut fjorden. Det ligg 3 bustadhus på tunet og 2 lør. Bustadhusa ligg i rekkje langs med gardsvegen. Dei fleste uthusa på tunet er i dag borte, nokre p.g.a. forfall og nokre gjekk med under vegutbygginga. Jordbruket har vore hovudnæringa frå gamalt av, og skogdrift har vore ei god attåtnæring. Garden var veglaus heilt fram til i 1996 då den nye vegen frå Modalen til Romarheim opna.

1. Bustadhus (001- 097): Huset er tømra og bygd ca. 1890, bislaget og skykkja er rive, elles er huset lite endra. Hustypen er dobbeltbreidda lemstove med midtgang. Huset ligg i skrått terreng med inngang mot fellestunet og kjellar under. Det har ikkje budd folk i huset på mange år, det er i ferd med å forfalla. Tidlegare vart det drive postkontor her.

2. Løe (001- 099): Løa er truleg bygd på midten av 1800 talet. Den er grindbygd med ein tømra del som vart nytta til flor. Løa er ca. 19 meter lang og 7 meter brei. Ein stav ved låvegolv er dekorert med eit trekanthakk og krossar ut frå hjørnet av staven. Denne staven har bumerke og årstalet 1766. Det finst fleire døme på tilsvarende utskjeringar på andre lør i romarheimsområdet. Opphavleg var det sidesvalar på løa, desse har vorte ombygd.

3. Bustadhus (001- 101): Bustadhuset vart bygd i 1888. Det er ei dobbeltbreidda lemstove med midtgang. Mot nabohuset i vest er det bygd til ei skykkje. Elles er huset lite endra og framstår som svært autentisk. Huset vert i dag nytta som feriehus.

4. Bustadhus (001- 102): Huset er bygd ca. 1920 og er same hustype som dei andre husa på tunet; dobbeltbreidda lemstove med midtgang. Det er lagt nytt platetak på framsida av huset, medan det framleis er skifer på baksida.

5. Løe (001- 104): Løa vart bygd i 1932.

#### Grunngjeving for vern:

Døme på eit fint rekkjetun som består av fleire bruk ved den gamle gardsvegen som går opp frå nausta nede ved fjorden. Det er ein viktig samanheng mellom gardsmiljøet og naustmiljøet. Bygningane som står i dag er lite endra. Den gamle løa (001-099) er truleg ei av dei eldste løene i Modalen, og eit døme på allmen bygningstype på Vestlandet, som det ikkje lenger finst mange igjen av.


#### Vernegruppe:

Den eldste løa (001-099) :	<b>A</b>
Resten av bygningane på tunet:	<b>B</b>
Innmarka/kulturlandskap	<b>C</b>

#### Framlegg til tiltak:

Samanhengen mellom naustmiljø og gardsmiljø er viktig å ta vare på. Planar om nye bygningar i samband med tunet/ naustmiljøet må vurderast nøye. Plassering og utforming skal tilpassast eksisterande bygningar.

**Mostraumen - Mostraumbøen - Skjeljaneset (helleristning, gardsmiljø, skule)**  
(reg.nr. 001-054-064)



Landskapet ved Mostraumen er dramatisk, med Fugleberget som stig 200 m rett opp frå fjorden, og sjøve straumen som vekselvis renn inn og ut fjorden med store krefter i vannmassane. Helleristningane på Skjeljaneset på nordsida av straumen, Mostraumbøen med garden og skulen på sørsida, og spor etter sanddrift syner at området har vore i bruk over lang tid og på ulike vis. Etter bygdeboka busette folk seg på Straumsnes, som staden heitte tidlegare, i eldre jarnalder, det vil seia kring år 550 etter Kristi tid. Truleg er det her den fyste garden i Modalen låg.

1. Bustadhus (001-054): Dobbeltbreidda lemstove bygd på 1800 talet. Huset vart flytta ca. 1900 og vart då bygd på i høgda og med ark.
2. Uthus/vaskehus (001-056): Huset er bygd i 1940. Det har vore/er brukt til vedlager og vaskehus. Taktekking er firkanta skiferheller, huset er kledd med liggande panel, utanom ein del som er støypt i betong.
3. Driftsbygning (001-055): Den eldste delen er bygd på 1800-talet, floren og ein silo vart bygd i 1932, og det vart bygd ein silo til i 1967. Driftsbygningen har vinkelforma grunnplan, taket er valma i vinkelen. Huset er kledd med liggjande panel, utanom vestveggen der det er bølgeblikkplater.
4. Utedo/vedahus (001-057): Huset er bygd i 1932 og ligg ved kårhuset. Huset vart nytta som utedo og vedlagerlager.
5. Bustadhus (001-058): Huset vart bygd som kårhus i 1926, men ungfamilien på garden budde der den fyrste tida. Huset har ei spesiell utforming med to arkar på vestre sida. Huset har enkle detaljar i sveitserstil. 4 stovevindauge på vestveggen er skifta ut, elles er huset autentisk.
6. Smie (001-059): Smia vart bygd i 1920 åra, den brann ned i 1935 og vart bygd opp att i 1937. Den har vorte brukt til å røyka kjøtt i tidlegare, no står den til nedfalls.
7. Naust (001-060,061): Garden har to store naust som ligg tett saman nede ved bryggja. Garden var heilt avhengig av sjøvegen, sjølv når dyra skulle til Mostraumstølen måtte dei i båt. Nausta vart bygd på slutten av 1800- og byrjinga av 1900 talet. Dei inneheldt båtplass og lagringsplass for ved. Nausta vart vølt i på byrjinga av 1970-talet og er i dag kledd inn med vestlandspanel og bølgeblikk. I gavlen er det (skyve)portar mot sjøen.
8. Bryggja (001-062): Bortanfor nausta ligg bryggja som er mura opp av naturstein. Ho er ca. 20 m lang og 7 m brei og vart bygd i 1930.
9. Skulehus (001-063): Skulehuset vart bygd i 1901 og det vart drive skule der fram til 1970. Anlegget ligg på nedre delen av Mostraumbøen, i elvekanten ved Mostraumen. Sjå og under *Skule, Mostraumen*
10. Uthus (001-064): Huset er brukt som utedo og vedlager til skulen. Vart bygd i 1930.
11. Helleristningar på Skjeljaneset: I den loddrette bergveggen opp frå fjorden er det rissa inn båtar. Helleristningane på den bratte bergveggen er frå bronsealderen og kan vere 3000 år gamle. Frå bronsealderens bondekulturar er skipsfigurer vanlege motiv på helleristningar.



Skule og gardstun på Mostraumbøen

Grunngjeving for vern:

Området med den særmerkte Mostraumen markerer "porten" mellom Romarheimsfjorden og Mofjorden. Både dei som kjem sjøvegen og dei som kjem etter den nye bilvegen langs fjorden kan oppleve dette mektige landskapet. Helleristningane på Skjeljaneset er fornminne og dermed automatisk freda etter kulturminnelova. Det store tidsspennet som samansetninga av kulturminna i området har, syner at det har vore bruk over lang tid. Området har derfor stor kulturhistorisk verdi. Lokaliseringa gjer det og egna til å formidla landskaps- og kulturhistoria på ein god måte.

Vernegruppe:

Helleristningane på Skjeljaneset:

**A**

Kulturlandskapet med gardstun og skule på Mostraumbøen:

**B**

Framlegg til tiltak:

På parkeringsplassen på nordsida av straumen kan det t.d. etablerast rasteplass med opplysningar om landskaps- og kulturhistoria i området.


Skulehuset på Mostraumbøen kan i samband med reiselivstiltak brukast til utleige.



**Gardstun på Otterstad (reg. nr. 001-189-191)**

Garden Otterstad er ein gamal gard oppteken og tunlagd der han no ligg, truleg ein gong på 1500-talet. Etter flaumen i 1743 vart vannstanden i Mofjorden lågare, og mykje av det som no er dyrka mark låg truleg under vatn før den tid. Lenge var det godt laksefiske i Moelvi. Otterstadgarden eigde fjerdeparten av fiskerettane i elva.

Gardstunet på Otterstad ligg på ein liten terrasse over elvesletta, inn med fjellfoten. Bygningane dannar eit rekkjetun. Alle husa ligg på oppsida av den gamle ferdavegen, som på austsida av tunet er fint mura opp med naturstein.



Gardstunet på Otterstad


- 1. Løe (001-189):** Løa vart bygd på i 1918 (bilete frå før 1918 hjå eigar). To låverbruer på baksida av låven er fint mura opp i stein. Løa er stav-/grindbygd og ligg langs vegen gjennom tunet på rekkje med bustadhuset.
- 2. Bustadhus (001- 188):** Huset vart bygd som kårstove, truleg i 1937. Det er ei enkeltbreidda tømra lemstove, bygd i enkel sveitserstil. Ei stove og bislaga på vest- og nordsida vart bygd på i 1937.
- 3. Bustadhus (001- 190):** Den eldste delen av huset vart bygd i 1869, den yngre delen mot nord i 1879. Heile huset er tømra. Det er bygd kjellar under den yngste delen. Huset vart restaurert i 1978-80, og tilbygget mot nord vart bygd då. Huset er eit døme på lemstove med midtgang der bua er bygd til i lengderetninga.
- 4. Uthus (001-191):** Uthuset ligg i skrått terreng på rekkje med bustadhuset. Det er truleg bygd før 1850. Det er grindbygd, har liggande panel, høg tørrmur i stein og torvtak.

I tillegg høyrde det ei smie til garden, denne er i dag heilt borte.

Grunngjeving for vern:

Tunet er eit godt døme på eit rekkjetun. Bygningane utgjer eit heilskapleg gardsmiljø, og syner gode døme på tradisjonell byggeskikk. Det gamle bustadhuset er eitt av tre døme på langhus som står att i Modalen. Tunet ligg fint til ovafor elva.

Vernegruppe:            **B**



*Gardstunet på Øvre Helland*





**Gardstun, Øvre Helland (reg. nr. 002- 077- 080)**

Tunet vart flytta og bygd opp etter utskiftinga. Huset ligg fint til på sletta ovanfor Herlangen.

1. Bustadhus (002-077 ): 1850-74, flytta etter utskiftinga i 1905
2. Eldhus (002-078 ): frå 1800 talet, flytta etter utskiftinga
3. Fjøs (002-079 ): bygd 1907
4. Smie/vognskjul (002-080 ): bygd 1908-10

Grunngjeving for vern:

Bygningane er eit eksempel på korleis dei nye tuna vart bygd opp med ei blanding av gamle hus som vart flytta og nye hus som vart bygd opp på den nye staden. Tunet utgjør eit heilskapleg anlegg, og bygningane er godt bevarte med eit autentisk preg.

Vernegruppe:


Gardstunet med bygningar :

**B**

Kulturlandskapet på sletta og mot elva bør merkast som viktig kulturlandskap:

**C**

**Gardstun på Steinsland (reg. nr. 002-115-126)**



Steinslandstunet ligg omlag 120 moh ved slettene der Norddalselva og Høselvi (Stølselva) møtest. På sletta mellom elvemøtet og Steinslandsvatnet er det fleire holmer der det tidlegare var slåtteteigar og fleire utlør. Steinslandstunet er truleg det eldste eksisterande tunet i Modalen. Klyngjetunet var opphavleg fleire bruk, men i samband med utskiftinga i 1949, som var den siste i Modalen, vart bruk nr. 5 flytta til Byrkhaugen omlag 500 meter lenger sør. Det er framleis tufter etter fleire hus som vart flytta ut av tunet.

Grenda innafor Steinslandsvatnet fikk vegsamband med nedre delar av Modalen først i 1964. Opp Norddalen gikk det ein gamal fjellovergang til Ornevik i Sogn, og stølsvegen frå Steinsland gjekk opp Stølsdalen til Steinslandstølane. Steinslandsstølen er no demt ned.



*Klyngjetunet på Steinsland*



1. Eldhus (002-115): gnr 84/ bnr 3, bygd på 1800 – talet.
2. Vedskjul (002-116): gnr 84/ bnr 3, bygd på 1800- talet, nytt platetak, er elles autentisk.
3. Løe (002-117): gnr 84/ bnr 3, truleg bygd på 1700- talet, nytt platetak, er elles autentisk.
4. Løe (002-118): bygd på 1800- talet, nytt platetak
5. Bustadhus (002-119): gnr 84/ bnr 3, bygd 1881, det best bevarte døme på langhus i Modalen (kanskje heile distriktet). Huset er ca. 20 x 5 m, nytt platetak .
6. Potetkjellar (002-120): gnr 84/bnr 3, kjellarmuren ligg grave inn i terrenget om lag 100 meter sør for tunet. Det var tidlegare saltak over kjellaren dette er rast saman.
7. Tuft etter løe (002-121): gnr 84/bnr 5, garden vart flytta til Byrkhaugen under utskiftinga
8. Tuft etter bustadhus (002-122): gnr 84/bnr 5, garden vart flytta til Byrkhaugen under utskiftinga
9. Bustadhus (002-123): gnr 84/ bnr 1, kårhus, huset vart flytta 1887.
10. Bustadhus (002-125): gnr 84/bnr 1, huset vart flytta i 1887
11. Driftsbygning (002-126): gnr 84/bnr 1, truleg bygd der det står i dag i 1887

Grunngjeving for vern:

Steinslandstunet er det beste døme på det tradisjonelle klyngjetunet som finst att i Modalen. Klyngjetunet var tidlegare den vanlege tunstrukturen på Vestlandet, men er no veldig sjeldan i Modalen som elles i landsdelen. Dei to bruka som ligg her i dag utgjer eit godt bevart gardsmiljø, der enkelte bygningar har høg grad av autentisitet. Bustadhuset på bruk nr. 3 er eit av dei få av denne tradisjonelle typen som finst att i Modalen. Truleg er dette det beste døme i heile distriktet på denne særmerkte byggeskikken.

Vernegruppe:


Bustadhuset på bnr. 3

Klyngjetunet:

Kulturlandskapet på sletta og holmane bør merkast som viktig kulturlandskap:

A  
B  
C

**Gardstun Nygard / Krossen (reg. nr. 002- 157-159)**



Garden ligg omlag 400 moh, og er den einaste fjellgarden i Modalen. Den vart rydda som eigen gard kring 1660 i øvrehellandsmarka, og ligg i ein sidedal til Modalen. På Nygard er det funne mange dyregraver og restar etter fangstanlegg. Garden ligg aust for Krossvatnet, der det gamle klyngjetunet låg før utskiftinga kring 1912-1918. Det høyrer tre bruk under Nygard, men berre eitt har i dag heilårsdrift. Dei to andre vert stort sett nytta som feriebusstader, dette gjeld og nabogarden Liland. Grenda fekk heilårsveg ned til resten av bygda i 1935. Vegen går gjennom det gamle tunet på Nygard. Bygningane på gardane i heile grenda har endra seg lite frå fyrste halvdel av det 1900-talet.

Gardane på Nygard fekk tilskot til utbetring av husa ca. 1930. Då vart vindauge og dørar skifta ut i alle husa i tillegg til andre utbetringar.

Langs Støselvi som renn frå ned Krosstølen mellom Nygard og Liland er det to kvernhus som høyrer til gardane her. Sjå meir om dette under *Kvernhus, Nygard / Krossen*.



*Vegen går gjennom gardstunet på Nygard*



**1. Bustadhus (002-157):** den eldste delen av huset er bygd tidleg på 1800 talet, medan den nyaste delen vart bygd i 1877. Huset er døme på ein vanleg hustype i Modalen tidlegare, lemstove med midtgang og bu, eller langhus som bygningstypen vert kalla lokalt. Huset er 22 meter x 5,5 meter i grunnplan.

**2. Eldhus (002- 160a):** Eldhuset vart bygd i 1913. Huset er i 2 høgder med saltak. Det har ein høg tørrmur, oppmura av stor hoggen stein. Noko av steinen dei nytta vart skoten ut heilt frå Kvanndalen og kjørt til gards med slede om vinteren. Den øvste delen er i tre med liggjande vestlandspanel. Eldhuset vart nytta som eit bryggjehus, her kokte dei og vaska klede. Det var og do og ein verkstad i huset. Andre høgda vart nytta som skulestove for borna på Nygard.

**3. Driftsbygning (002- 158):** Løa vart bygd ca. 1880. Også her er det høg tørrmur i den delen som vert nytta som fjøs og møkkakjellar. Resten av bygningen er i tre med ståande panel over fjøset på framsida og liggjande panel på resten.

**4. Smie (002- 159):** Det stod ei smie her tidlegare, den vart rive ned og bygd opp att på 1930 talet. Smia ligg før ein kjem til tunet på nedsida av vegen når ein kjem frå Modalen. Huset er ca. 3, 5 m x 4 m i grunnflate. Jakob Anderson Nygard (1877-1959) var smed og smia var fullt utstyrt. Smia har vorte nytta som røykjeshus dei seinare åra.

#### Grunngjeving for vern:

Nygard / Krossen er den einaste fjellgarden i Modalen, og er eit godt døme på det tradisjonelle klyngjetunet, som det finst få att av i Modalen. Klyngjetunet var tidlegare den vanlege tunstrukturen på Vestlandet, men er no veldig sjeldan i Modalen som elles i landsdelen. Det gamle tunet på Nygard utgjer eit godt bevart gardsmiljø, der enkelte bygningar har høg grad av autentisitet. Bustadhuset er eit av dei få av denne lokale bygningstypen (langhus) som finst att i Modalen.

#### Vernegruppe:

Det gamle tunet på Nygard (Krossen): **B**

Kulturlandskapet aust for Krossvatnet med dei andre gardane og elva med kvernhusa bør merkast som viktig kulturlandskap: **C**

**PRIORITERT TEMA INNAN KULTURMINNE/KULTURMILJØ:**

**Røykehus**



*Røykehus på Farestveit*

Registrerte røykehus i Modalen:

- Grønhaug, gnr/bnr 77/2(001-155b)
- Nedre Helland, gnr/bnr 78/1(001-292)
- Almelid, gnr/bnr 79/5 (001- 295)
- Farestveit, gnr/bnr 80/4 (002- 047) bygd ca 1905
- Farestveit gnr/bnr 80/1(002- 033) bygd før 1940
- Nåmdal, gnr/bnr 82/1(002-099) bygd på byrjinga av 1930- talet
- Haugen (Nåmdal) (002-102b)
- Steinsland, gnr/bnr 84/2 (002-125b)

Røyking av kjøt og fisk er ein viktig del av den vestnorske mattradisjonen. Salting, speking, tørking og røyking av kjøt og fisk er ein konserveringsmåte som truleg er fleire tusen år gamal.

Røykinga konserverer maten slik at den kan lagrast i lang tid og den gjev i tillegg maten ein særmerkt smak. Det finst to måtar å røyke maten på, varmrøyking og kaldrøyking. Varmrøyking konserverer ikkje maten sidan røyken er så varm at maten vert kokt. Under kaldrøykinga derimot, heldt røyken låg temperatur og maten vert desinfisert på overflata. Sidan røyking verkar fyrst og fremst på overflata må maten i tillegg saltast og tørkast.

Det er kaldrøykinga som står sentralt på Vestlandet. Denne ekstra konserveringa av maten må sjåast i samanheng med det fuktige vestnorske klimaet. I Modalen vart kjøtet frå dyra ein slakta alltid salta og røykt, dette var einaste måten å ta vare på maten fram til frysaren kom, når ein ser bort frå hermetiseringa som kom på slutten av 1800 talet. I dag er det fyrst og fremst for smaken sin del at maten vert røykt.

Kjøtet vart røykt i eldhuset eller i eigne røykjehus, ein del smier vart og nytta til røyking. Kor mange røykjehus som står att i Modalen er uvisst. Vår registrering viser åtte røykjehus, men dette talet er truleg høgare. Nokre av husa er framleis i bruk, nokre står til nedfalls. Røykjehusa står alltid i utkanten av gardstunet, ofte ved ei elv(t.d. Farestveit, Grønhaug, Almelid). Husa har fått ei slik plassering på grunn av brannfaren.

Røykjehusa er svært enkle bygningstypar. Grunnflata er ofte ikkje større enn 2m x 2 m. Husa har saltak, er utan vindauge og døra står i eine gavlen. Elden vert gjort opp på golvet og kjøtet hengd opp i taket.


Grunngjeving for vern:

Røyking er framleis ein levande mattradisjon i Modalen. Røykehusa er bygd spesielt til dette føremålet og er viktige bygningar i vidareføringa av denne mattradisjonen. Det er særskilt bygningstypen som er viktig og ta vare på, då er alderen mindre viktig.

Vernegruppe:            **C**

**PRIORITERT TEMA INNAN KULTURMINNE/KULTURMILJØ:**

**Slåtteteigar, utløer, markaløer**



**Utløer, hengjebru, ferdaveg, steingardar og slåtteteiger på Øyjordi, Farestveit**

Øyjordi ligg på elveslettene på nordsida av Moelvi, og høyrer til gardane på Farestveit som ligg på sørsida. Tidlegare låg garden Solli på Øyjordi. På slåtteteigane står det fleire grindbygde utløer. Området er framleis i drift og teigane vert no mest nytta som beite. Dei fleste utløene er i god stand. Her er òg sett opp nye løer, men dei fleste løene er frå byrjinga av 1900-talet. Somme av dei er bygd opp att av gamle materialar. På slåtteteigane ligg fleire store steinblokker som gjev ly for løene, og som mellom anna vert nytta som staurhus.

Ferdavegen mellom Farestveit - Almelid går gjennom området, med natursteinsmurar langs elva, steinbruer og fin hellelagt gangveg. Her finn me to steinbruer med jernbjelker som ber steinhellene. Ferdavegen vart flytta opp under ura etter utskiftinga i 1923. Hengjebrua som er bygd kring 1960 er eit fint og viktig tilskot til miljøet. Før denne kom vart det nytta båt over elva, eller ein nytta brua som låg lengre oppe på Farestveit.

**Kartfesta registreringar:** 1-7: utløer. 8: den gamle ferdavegen. 9: steinbru. 10: hengjebru over Moelvi. 11-12: steinbruer. 13: steingard, 14: kyrkjegard på Farestveit.





Hengjebra og utløe på Øyjordi

Grunngjeving for vern:

Utløene, steingardane, steinblokkene med staurhus og slåtteteigane syner ein tradisjon og driftsmåte som var mykje utbreidt i Modalen, men som no nesten er heilt borte. Øyjordi er det området i Modalen med flest utløer samla i eit avgrensa område.

Den gamle ferdavegen som går gjennom området er eit viktig tilskot til dette miljøet.

Ferdavegen har spesielt fine partiar med murte steinbruer og hellelagt gangsti i strekninga frå Farestveit til Helland.

Vernegruppe:

Ferdavegen over Øyjordi var ifølge bygdeboka i bruk i mellomalderen, og er i så fall eit fornminne og dermed automatisk freda etter kulturminnelova :

Utløer, hengjebra og ferdaveg med steinbruer og steinheller:

Slåtteteigane på Øyjordi bør avmerkast som verdifullt kulturlandskap:

**A**

**B**

**C**



**Markaløe Brekkene / Almelid (reg. nr. 001 - 230)**

Markaløa ligg ved stølsvegen til Almelidstølen og er truleg bygd på 1800 talet. Løa er lafta og open i gavlane der høyet vart teke inn. Det er glipper mellom laftestokkane, for lufting av høyet. Løa har torvtak. Bygningen har opphavleg preg, men forfallet er begynt.

Grunngjeving for vern:

Ei av dei få markaløene i høveleg god stand som står att i Modalen. Syner ein tradisjon og ei utnytting av utmarka som ikkje drivast meir. Løa ligg fint til ved stien til Almelidstølen, som er mykje nytta som turområde.

Vernegruppe:            **B**



*Markaløa i Brekkene*

## PRIORITERT TEMA INNAN KULTURMINNE/KULTURMILJØ:

### Stølsmiljø og stølsveggar

Støl tyder ein stad der buskapen vert samla og mjølka. Namnet støl finn ein difor mange stader der det aldri har vore stølshus. Truleg har det vore stølsdrift så lenge det har funnest gardar her i landet, og ifylgje arkeolog hos fylkeskonservatoren finst det ein mengde uregistrerte fornminne i stølsområda. Talet på stølar nådde toppen kring 1850, men hundre år seinare var stølsdrifta truleg lagt ned på alle stølane i Modalen. Stølane som ikkje fekk anna bruk forfall fort og på ein del stølar ligg storparten av sela no i ruin. Andre stader er stølshusa brukt som hytter eller til overnatting i samband med jakt/fiske og sauesanking. Stølane låg alltid attmed ein bekk, for det trongst mykje vatn til reingjeringa. Det måtte og finnast skog til stølsved i nærleiken, på fjellstølane måtte veden ofte berast lange vegar.

Stølane i Modalen ligg mellom 120 moh og 630 moh. Mange gardar hadde både heimastøl/ vårstøl og fjellstøl. Dei starta sesongen på heimastølen /vårstølen som låg nærmast garden, her kom våren fyrst og det vart støla her nokre veker før budskapen vart teke med til instestølen/ fjellstølen.

Stølsområda inneheld store natur- og kulturhistoriske verdiar, og alle stølsmiljøa er viktige kulturminne som bør prioriterast. Stølane syner ei side av næringshistoria som ikkje lenger er nytta på same måten som tidlegare. Sauar og ungnaut held enkelte stader stølsvollane opne ved beiting, men i dag vert stølane fyrst og fremst nytta til rekreasjon. Stølsvollane gror fort att på stølar der det ikkje lenger vert slått eller beita.

### Bygningar på stølen


Det er registrert fleire kategoriar hus på stølane:

Sel: Opphaldsstad og arbeidsstad for stølsfolket. Ein finn to tradisjonelle hovudplantypar – toromsplan og symmetrisk treromsplan (sjå skisse).


Fjøs: Det er ikkje registrert særskilde fjøsbygningar på stølane i Modalen, men nokre stølar, t.d. Botnane og Krosstølen, har fjøs i kjellarrommet under selet.

Kokehus: Til ysting. Registrert på somme stølar. Kokestaden har elles vore i skotet.

Det tradisjonelle bygningsmaterialet på Modalenstølane har vore tre, med grunnmurar i naturstein. Veggane er ofte ein kombinasjon av lafting og stenderverk. Dei fleste toroms sela er bygde slik, der innselet er lafta tømmerkjerne og skotet er i stenderverk med enkel bordvegg. Ein finn og døme på at heile huset er lafta, slik det er på Straumestølen. Nyare hus er ofte bygd i reint stenderverk. Grindverk finn ein på somme kokehus.




Sel med tre rom.  
Lafta stove på kvar side av midtgangen



Sel med to rom.  
Lafta innset og skot i stenderverk

kulturminnevernplan for Modalen



Kart over stølar og stølsvegar, målestokk 1:175 000


Registrerte stolar i Modalen

Nr	Namn	Gnr/ bnr	SEFRAK-nr	Merknad
	Steinslandsheimen	84/3	002-167	Stølen er demt ned
1	Steinslandsstølen	84/3	002-168	1 stølshus står att. 300 moh
2	Fjellstølen	83/	002-169	Ligg om lag 600 moh
3	Botnane	81/	002-170	4 av 5 stølshus står, 300 moh
4	Nystølen (kustølen)	82/	002-171	1 feriehus, 550 moh
5	Nystølen (geitestølen)	82/1	002-172	1 stølshus, 1 kokehus, 510 moh
6	Sundet	85/1,3	002-173	Stølshuset nytta som hytte, står kokehuset? 460 moh
7	Krosstølen	85/	002-174	3 stølshus står. 630 moh
8	Straumestølen	82/4	002-175	1 stølshus står att. 120 moh
	Kroken	81/	002-176	Stølen er riven
9	Tverrådalen	81/	002-177	3 stølshus og ei hytte. 540 moh
10	Vårstølen (Nåmdal)	82/1,2	002-178	2 stølshus ombygd til hytte, 1 står til nedfalls. 330 moh
11	Solistølen (Triungane)	80/5-8	002-014-022	
12	Todeilstølen	80/1-4	002-001-009	2 stølshus. 580 moh
	Nedre Mostølen (Nerestølen)	76/2	001-259	
13	Almelistølen	79/1-5	001-222-229	2 stølshus, 1 ny stølshytte. 362 moh
14	Bleidalstølen	78/1,17	001-215-218	3 stølshus. 365 moh
	Søstølen	78/1	001-213-214	Ruin
15	Tverradalstølen	78/3,4	001-204-207	2 av 3 stølshus står. 490 moh
16	Mostølen (Fjellstølen, Botnen)	76/1-4	001-148-150	1 stølshus står. 487 moh
	Fjellstølen, Langedal	75/1,2	001-120-122	Stølsmiljø truleg i ruin
17	Nottveitstølen	73/1-4	001-107-111	3 stølshus. 321 moh
18	Langedalstølen	75/1,2	001-066-070	2 stølshus og 1 uthus. 293 moh
19	Mostraumstølen	74/	001-021-027	2 stølshus står, 1 til nedfalls, 2 ruin
20	Otterstadstølen	77/	001-001-014	8 stølshus som står, nokre til nedfalls. 220 moh
21	Leite	77/1-7	001-015-019	Ruin etter 4 stølshus. 420 moh

Framlegg til tiltak

Samarbeid mellom kommune/turistforening/idrettslag og eigar om utleige av stølshus som ubetente turisthytter. Dette vil utvida turtilbodet i tilknytning til Stølsheimen. Stølane er lettare tilgjengeleg enn dei fleste turisthyttene, noko som vil kunna verte eit verdifullt tilbod til barnefamiljar. Stølsvegane nede frå bygda til stølane er ein naturleg del av stølsmiljøa og bør merkast, ryddast og elles haldast vedlike.

Ved nye byggetiltak i stølsområda er det viktig å vere merksam på at det kan finnast fornminne i bakken. Fylkeskonservatoren i Hordaland oppmoder til at hyttebygging skjer utanfor stølsområda.



**Otterstadstølen (reg. nr. 001-001-014)**

Otterstadstølen ligg omlag 220 moh på ei lun flate i det nesten gryteforma landskapet. Truleg har dette området vore nytta som beite, fangst o.l. langt tilbake i tid. Den vestlegaste viltvoksande granskog i Noreg veks kring stølen. Skogen er omlag 400 år gammal og er vedteken freda. Otterstadstølen naturreservat, er ein del av verneplan for barskog i Vest – Noreg. Naturreservatet vart oppretta ved kgl. res. 17. des. 1999. Det står åtte stølshus på den store flate stølsvollen, i tillegg ligg her to ruinar etter stølshus. Otterstadstølen er den største stølen i Modalen.

Fram til ca.1900 var det stølsdrift på Leite som ligg innafor Otterstadstølen, på ca. 420 moh. Her stod det 4 sel i rekkje og rad med gruve, soverom og mjølkerom. Her vart det støla på høgste sommaren. I dag er det berre tuftene som ligg att og syner at det har vore støl her.

1. Sel (001-001): Bygd ca. 1900, platetak, i god stand. Selet er i 2 høgder. Gnr/bnr 77/2
  2. Stølsløe (uthus): Bygd ca. 1900-24, lagring av ved, never, tømmer, gnr/bnr 77/2
  3. Sel (001-003): Bygd 1900-24, står til nedfalls, gnr/bnr 77/7
  4. Uthus (001-004): Bygd mellom 1900-24, platetak, i god stand
  5. Uthus (001-005): Bygd mellom 1900-24, i god stand, gnr/bnr 77/ 5
  6. Sel (001-007): Bygd 1928, i god stand, gnr/bnr 77/5,8
  7. Sel (001-008): Bygd 1928, står til nedfalls, taket har rasa saman
  8. Sel (001-009): ca.1900, Selet er i 2 høgder, i god stand, torvtak lagt oppå platetaket, 77/1
- Det er restar etter ein steingard som har markert grensa for stølsvollen nordaust for stølsvollen, den strekkjer seg frå uthuset og ned til elva. Steingarden forfell.
9. Uthus: ruin
  10. Stølshus ruin (001-006): Bygd 1900-24, 77/1


Grunngjeving for vern:

Dei åtte stølshusa utgjer eit særmerkt heilskapleg stølsmiljø. Dette er den einaste stølen som står att i Modalen med ei stor samling stølshus. To av stølshusa er bygd i 2 høgder og dette er ikkje ein vanleg hustype på stølar. Granskogen kring stølen er med i verneplanen for barskog i Vest- Noreg og vedteke freda. Samanhengen mellom bygningsmiljø og den viltvoksande granskogen forsterkar verneverdien for dette miljøet. Området er lett tilgjengeleg og har stor rekreasjonsverdi.

Vernegruppe:            **B**



Otterstadstølen



**Stølsmiljø, Botnane (reg. nr. 32 i "Stølar i Stølsheimen)**

Stølen Botnane ligg på austsida av vegen opp til Nygard / Krossen. Den vart nytta som heimastøl for gardane på Øvre Helland, som hadde Tverådalstølen som fjellstøl. Stølen hadde fem stølsbus, eitt av desse ligg no i ruin. Kvar gard hadde sitt eige sel. Sela har lafta innsel og skot som er bygd i stendarverkkonstruksjon. Alle har sperretak som er torvtekt. Stølen har eit felleshus, stølsstova, denne vart nytta som felles opphaldsrom på stølen. Stølsvollen er i ferd med å gro att.

1. Sel (nr. 24 "Stølar i Stølsheimen"), bygd ca. 1910, gnr/bnr 81/1,2
2. Sel (nr. 25 "Stølar i Stølsheimen"), bygd ca. 1915, gnr/bnr 81/4
3. Sel (nr. 26 "Stølar i Stølsheimen"), bygd før 1930, gnr/bnr 81/3,6
4. Sel (nr. 28 "Stølar i Stølsheimen"), bygd i 1928, fellesstova
5. Sel (nr. 27 "Stølar i Stølsheimen"), ruin

Grunngjeving for vern:

Botnane eit godt bevart stølsmiljø. Bygningane er lite endra, husa er fint plassert på stølsvollen. Stølen er godt synleg frå vegen opp til Nygard. Då stølen er lett tilgjengeleg kan den vere egna til bruk i undervisning og anna formidling om stølsdrift.

Vernegruppe:            **B**





**Straumestølen, heimastøl (reg. nr. 002-175)**

Straumestølen ligg på vestsida av Steinslandsvatnet ca 120 moh. Vegen til Steinsland ligg på oppsida av stølen. I dag står det berre eit stølshus att på stølen. Dette ligg i ly innunder ei stor steinblokk. Veggene er lafta og huset har sperretak med mønsås. Selet er bygd i 1915 har 3-roms plan. Inngangen fører til midtrommet, og det er ei stove på kvar side av denne. Selet vert i dag nytta som feriehus. I seinare tid er det bygd ein ark over inngangen. Nedanfor stølshuset ligg det ruinar etter det andre stølshuset på heimastølen. Tidlegare låg det eit kokehus og eit sel til på stølen, desse er i dag heilt borte.

Grunngjeving for vern:

Stølshuset er lagt i ly bak ei stor steinblokk. Plasseringa er eit godt døme på korleis dei naturgjevne kvalitetane på staden vart utnytta når ein bygde. Døme på heimastøl. Selet er døme på 3-roms sel med midtgang.

Vernegruppe:            **B**

## 6.5 VASSKRAFT

### Kraftstasjon på Nottveit (001- 132)


Kraftstasjonen vart bygd i 1940 og gjorde gardane på Nottveit sjølvforsynte med straum fram til 1958. Den ligg heilt i sjøkanten nedanfor Kamulen. Rørgata var bygd i tre og låg på steinfundament nedetter lia. Det er framleis restar etter denne. Sjølve kraftverket er nyleg sett i stand.

#### Grunngjeving for vern:


Døme på eit anlegg som syner byrjinga av vasskraftutbygginga i Modalen.

Vernegruppe:

**B**



*Kraftstasjonen på Nottveit*



### **Kraftverk på Nedre Helland**

Det var bygdafolket sjølv som stod bak utbygginga av Hellandsfossen. 25 bønder starta eit lutlag. Planlegginga starta i 1944 og det tok heile ti år før anlegget var ferdig.

Kraftstasjonen vart bygd i 1954. Den ligg i foten av Hellandsfossen og vatnet vert ført gjennom ei røyrgate i tre som ligg på betongfundament nedover fjellskråninga. Anlegget er framleis i drift og vart bygd på i samband med anleggsdrifta til Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) i 1974.

#### Grunngjeving for vern:

Syner byrjinga av vasskraftutbygginga i Moelvi. Eit av to døme på funksjonalistisk byggestil i Modalen. Bygningen har fine arkitektoniske kvaliteter.

Vernegruppe:

**B**



**Kraftverk på Mo, Kvernhusfossen (reg.nr.001-260)**

Kvernhusfoss kraftlag vart skipa av bøndene på Mo og Otterstad. Det vart bygd kraftstasjon ved elva like under fjellet. Nestavatnet vart oppdemt og det vart bygd ei røyrgate frå inntaksdammen ned den bratte fjellsida. Kraftverket vart ferdig utbygd i 1939, og var i drift fram til 1976. Huset er oppført i funksjonalistisk byggestil med flatt tak. Saman med kraftstasjonen på Nedre Helland er dette dei einaste døma på denne stilen i Modalen.

Grunngjeving for vern:

Syner byrjinga av vasskraftutbygginga i Modalen. Kraftverket ligg nær Mo sentrum og kan difor vere egna til bruk i undervisning og anna formidling om vasskrafthistoria.

Vernegruppe:            **B**

Framlegg til tiltak:

Det er viktig at Kvernhusfossen ikkje vert lagt i rør. Kraftstasjonen kan husa ei utstilling om vasskrafthistoria i Modalen. Dersom det vert bygd gangsti fram til kraftstasjonen vert Kvernhusfossen meir tilgjengeleg som turismål.



**Kvernhus på Nygard - Krossen (reg. nr. 002-150, 155)**

Dei to kvernhusa som i dag står att på Nygard ligg i utmarka om lag ein halv kilometer søraust for gardstuna. Dei ligg med omtrent 100 meter mellomrom på nordsida av elva som kjem frå Norddalen. Elva renn her over eit større område med svaberg og har fleire små vatnfall. Terrenget er kupert, med små kollar og knausar, og det har grodd til med bjørk i området. Det går sti frå tuna på Nygard til kvernhusa.

Kvernhusa var tidlegare del av eit større miljø knytt til elva, og det har vore minst tre kvernhus med slipestein og ei smie. I dag står berre to kvernhus att, men ein kan framleis sjå restar etter dei andre anlegga.

Dei to kvernhusa er gode døme på dei gamle gardskvernene som tidlegare sto på dei fleste gardane i Modalen. Dei er små, bortimot kvadratiske, med lengde og bredde kring 2,5 meter. Døra er i eine gavlen og kverna ved den andre kortveggen. Kvernhuset står på tørrmur som stort sett er open til minst tre sider (steinstabbar). Det har tidlegare vore vassrenner som låg på steinstabbar frå elva til kvernene, og no er den oppattbygd ved det eine kvernhuset.

**1. Kvernhus (002-150):** Kvernhuset er bygd i 1856, det er lafta og kledd med liggjande vestlandspanel på 3 sider, huset har torvtak. Kvernhuset er no til nedfalls men kan reddast. Trerenna er borte

**2. Kvernhus (002- 155):** Kvernhuset er bygd ca. 1802, det er lafta med torvtak. Kvernhuset og trerenna som fører vatn ned til kvernhjulet er no sett i stand.

Grunngeving for vern:

Bygningane har stor verneverdi då dei fortel om ei næringsverksemd som er opphøyr, og fordi det i dag er veldig få gardskverner att i Modalen. Kvernhusa er del av eit verdifullt kulturmiljø ved Nygard - Krossen, og det gjer dei ytterlegare interessante. Kulturlandskapet og samanhengen mellom kvernhusa og gardstuna er framleis synleg, sjølv om området ber preg av å ha vore ut av bruk dei siste åra. Dersom det vert lagt til rette for det, kan kvernhusa t.d. nyttast til undervisning om utnytting av vasskraft og gamle måtar å kverne korn på.


Vernegruppe: **B**

Framlegg til tiltak:

Tilrettelegging for formidling og undervisning.



*Kvernhus på Nygard*



*Industrikaia på Otterstad*

## 6.6 SANDDRIFT

Sanddrift har vore ei viktig attåtning for mange bønder i Modalen, og i dei seinare åra hovudnæringa for mange. Fyrste sandtaket starta allereie kring 1890 i Mostraumen. På Mo starta sanduttaket frå Sæten under første verdskrigen. På Hugnadstad og Helland tok dei ut sand frå sist i 20-åra.

Garden Trohaugen vart utskilt frå Otterstad bruk 5 i 1908. Sanduttaket byrja i 1936. Særleg i åra under og etter krigen vart det teke ut mykje sand her. Sandterrassen garden låg på vart heilt utgraven og garden er no heilt borte.

Den første tida vart sanden frakta med hest og vogn frå sandtaka og køyrt ombord i båtane med trillebåre. Etterkvart overtok bilane køyringa frå sandtak og ned til fjorden. No var det berre å tippa lasset rett i lasterommet på båten, men framleis vart lastebilane lasta for hand. Sanden er opphavet til den første industrien i Modalen, A/S Betongindustri som vart etablert i 1954.

Sanddrifta er saman med kraftutbygginga årsaka til store endringar av landskapet. Ein finn rundt 10 uttak i dalen som er i drift eller der landskapet enno ikkje er vølt til. Sanddrifta er ein mellombels næringsveg basert på ikkje fornybare ressursar. I dag er næringa synleg fyrst og fremst med dei mange såra i landskapet. I kommuneplanen er det retningsliner for masseuttak, med mellom anna krav om attvølingsplan med terrengutforming, pleie og tilplanting.

### Framlegg til tiltak:

Drifta gjennom dei siste 100 åra bør dokumenterast med foto / tekst og ved innsamling av gamle reiskapar. Ein kan laga ei utstilling om sanddrifta i Modalen.

### **Industrikai på Otterstad**

Sandkaiar var ein periode eit vanleg syn i Modalen. Berre på Mo stod det tidlegare 5 lastekaiar fram til dei vart rive i samband med sentrumsutbygginga på byrjinga av 1990-talet. Kaianlegget på Otterstad vart bygd av Urdal Sandkompani kring 1936. Kaiane vart først bygd med trepæl, sidan vart dei forsterka med betongsøyler i framkant og betongplate oppå.

Lastebilane som vert brukt i dag er for tunge for desse kaiane, så anlegget er ikkje lenger i bruk. I dag står det to kaiar att her. Dette er dei einaste lastekaiane som står att frå den tida. Lastekaien som ligg nærmast naustmiljøet bør takast vare på.  
*Sandkaien er merka av på kartet over naustmiljøet på Otterstad.*

### Grunngjeving for vern:

Sanddrifta har vore og er ein vesentleg næringsveg i Modalen. Lastekaien er med på å dokumentere utviklinga som har vore i næringa. Området med den nye båthamna/moloen, nausta med steinbryggjene og industrikaien viser tilknytninga til fjorden over eit tidsspenn frå då ein var avhengig av fjorden som ferdselsveg til i dag når den vert nytta til fritid og rekreasjon.


### Vernegruppe:           **C**

### Framlegg til tiltak:

Ved opparbeiding av området bør kaien integrerast i det nye anlegget.

PRIORITERT TEMA INNAN KULTURMINNE/KULTURMILJØ:

6.7 GAMLE FERDAVEGAR



Vegane i mellomalderen

Fram til Modalen fekk vegsamband i 1976 var det fjorden som var reisevegen. Naust og buer stod på Otterstadsida. Etter storflaumen i 1743 stod ikkje vatnet så høgt som før. Nausta vart etter kvart flytta til Mo. Det var bønder frå både Modalen og Eksingedalen som hadde buene/nausta sine på Mo. Kring 1860 flytta eksingadølane varebuene sine til Eidslandet. Her vart varene som skulle seljast i Bergen lagra, varene som vart kjøpt i byen vart og lagra her til dei fekk tid til å frakta dei heim. Før dampbåtane kom i 1866 måtte folk ro til byen, og roturen tok minst 12 timar kvar veg.

Den eldste "reitvegen"/kløvstien gjennom Modalen gjekk for det meste på nordsida av elva. Frå Steinsland til Straume kunne ein berre ta seg fram på vestsida av Steinslandsvatnet. Frå Straume måtte ein kryssa elva (mellom Steinslandsvatnet og Midtvatnet) over til Nåndal, og vegen kryssa ikkje elva igjen før på Farestveit. Her måtte ein vada over elva før det kom bru kring 1830. I gamal tid gjekk vegen frå Farestveit til Otterstad på nordsida av dalen. Tidleg på 1800-talet vart vegen lagt om, ein rodde over elva ved Almelid (det kom bru kring 1860) og vegen heldt fram på sørsida av dalen heilt ned til Mo. Kring 1850 vart og vegen mellom Farestveit og Almelid lagt om, no låg vegen på sørsida av dalen frå Nåndal til Mo slik den ligg i dag. Det tok 25 år å byggje køyrevegen gjennom Modalen, og vegen vart ferdig i 1900. Fjellgarden Nygard fekk veg i 1935 medan det ikkje kom veg til Steinsland før i 1965.

Frå gamalt av var det tre fjellovergangar mellom Modalen og Eksingedalen. Turen over fjellet fra Høvik i Eksingedalen til Krossdal i Modalen var den kortaste. Den mest brukte overgangen var frå Flatekal til Farestveit. Den tredje ruta gjekk frå Fagerdalen ovenfor Lavik til Øvre Helland i Modalen. Det gjekk òg vegar gjennom Stølsheimen frå øvre Modalen til Sogn.





*Ferdavegen frå Farestveit til Almeli*

### **Ferdavegen Mo- Farestveit**

Vegen oppetter dalen låg på nordsida av elva før det vart bygd køyreveg. Nokre parti av gamlevegen er svært fint opparbeidd med store steinheller og steinmurar i elvekanten. Strekninga frå Farestveit til Nedre Helland har spesielt fine parti. Sjå *Øyjordi, Farestveit*.

#### Grunngjeving for vern:

Vegen er spor etter den tidlegaste ferdsla gjennom dalen. Den har dessutan opplevingsverdi og kan nyttast til undervisning og formidling om ferdsel i tidlegare tider.

#### Vernegruppe:

Ferdavegen var ifylgje bygdeboka i bruk i mellomalderen, og er i så fall eit fornminne og dermed automatisk freda etter kulturminnelova: **A**

Dersom det ikkje er mellomalderveg:

Strekninga Farestveit - Nedre Helland: **B**

Strekninga Mo - Nedre Helland : **C**

#### Framlegg til tiltak:

Ferdavegen bør ryddast og setjast i stand som turveg.

### **Stølsveg frå Steinsland (til Steinslandsheimen / Stølsheimen)**

Instestølen som hørde til Steinslandsgardane ligg i dag under vatn, men store delar av stølsvegen oppetter Stølsdalen ligg som før. Stølsvegen var lang og tung det tok 3 ½ time å gå frå Steinsland til Instestølen (Steinslandsheimen). Ved Heimdal gard er brua over Nordalselva bygd opp att. Delar av denne stølsvegen er fint tilrettelagt med store steinheller.

#### Grunngjeving for vern:

Vegen er spor etter den tidlegaste ferdsla gjennom dalen. Den har dessutan opplevingsverdi og kan nyttast til undervisning og formidling om ferdsel i tidlegare tider

#### Vernegruppe:

Ein bør undersøke om stølsvegen har vore i bruk heilt attende til mellomalderen, og dermed automatisk freda etter kulturminnelova:

**A**

Dersom det ikkje er mellomalderveg:

**B**



### **Steinbru over Vetlestraumen, Nåndal**

Brua spenner over Nåndalselva langs hovedvegen gjennom dalen. Brua er bygd ca. 1915 og er ei kvelvingsbru i stein, og den einaste i sitt slag i Modalen. Brua vart forsterka og ombygd i seinare tid, men steinkvelvet er intakt.


#### Grunngjeving for vern:

Samferdselshistorie frå 1900-talet.

#### Vernegruppe:

**B**

## 6.8 DIKTAREN OLAV NYGARD



### Diktarsteinen

Olav Nygard var fødd på fjellgarden Nygard i 1884 og budde der fram til 1903. Huset han voks opp i låg på det gamle klyngetunet og vart flytta under utskiftinga i 1912-1918.

Alt i gutedagane byrja han å skrive dikt, og ga etterkvart ut fire diktsamlingar. Kring 1911 brende han manuskript på eit jonsokbål ved diktarsteinen, som har inskripsjonen "eg vel meg gløymsle framfor draugelag". Då var han 27 år gamal. Olav Nygard døydde i 1924. Diktarsteinen står i fjellbygda Nygard.

### Grunngjeving for vern:

Steinen er eit minne frå ein høgt verdsett diktar ikkje berre i Modalen, men òg i nasjonal samanheng.

### Vernegruppe:

**B**

## 7. FRAMLEGG TIL TILTAK

Kulturminnevernplanen treng oppfølging dersom ein skal sjå synlege resultat av arbeidet. Dette kapitlet tek for seg framlegg til vidare arbeid med kulturminnevern i kommunen. Det er teke utgangspunkt i det som var målet med planen, definert i fem punkt i kapittel 1. Teksten nedanfor skisserer (med stikkord) framlegg og idear til tiltak som kan gjerast innan desse fem punkta:

1. Planen skal gjere eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast for vern.
2. Planen skal vere ein reiskap for sakshandsamarar i kommunen innan arealplanlegging, byggesaker, landbruk og kultur.
3. Planen skal kunne nyttast til formidling av Modalen si historie og såleis skape forståing for kulturminnevern.
4. Kommunen treng ei prioritering av kulturminne og kulturmiljø for tildeling av tilskot til restaurering av eldre og verneverdige bygningar.
5. Planen skal syne døme på korleis ein kan bruke og samstundes ta vare på kulturminne i samband med t.d. reiseliv, friluftsliv, samt andre næringsverksemdar og tiltak.

### 7.1 Kulturminne og kulturmiljø prioritert for vern

- Kommunestyret vedtek kulturminnevernplanen som temaplan. Planen skal vere retningsgivande for arealplanlegging, byggesakshandsaming og andre tiltak i kommunen.
- Arealdelen til kommuneplanen skal syne med signatur i plankartet område med kulturminne og kulturmiljø som er utvalde for vern (vernegruppe A, B og C). Kjende automatisk freda kulturminne skal ha signatur rune-R. Dette vil gje signal og informasjon om kulturhistoriske verdiar som ein må ta omsyn til, men det er ikkje juridisk bindande.
- Kulturminne og kulturmiljø som skal regulerast til spesialområde vern etter PBL § 25.6 bandleggjast i arealdelen til kommuneplanen etter PBL § 20-4.
- Kommunen setter opp ei rekkefølge for regulering av kulturminne/kulturmiljø til spesialområde vern.
- Kommunen oppmoder fylkeskonservatoren å vurdere framlegg til freding av følgjande kulturminne i vernegruppe A:  
*Bustadhus (langhuset) på Steinsland, gnr 84/bnr 3 (SEFRAK 002-119),  
Løe (grindbygd med trekanthakk og krossar) på Nottveit, gnr 73/bnr 3 (SEFRAK 001-099).*
- Kommunen oppmoder fylkeskonservatoren å undersøkje, og om mogleg stadfesta eller avkrefta, om gamle ferdavegar som i bygdeboka er omtala som middelaldervegar, er det. Vegane er plasserte i vernegruppe (A) i kulturminnevernplanen.
- Kommunen skal orientere eigarar av utvalde kulturminne og kulturmiljø om vernestatus. Eigarar av verneverdige bygningar skal kunne få rettleiing om bygningsvern.
- For kulturminnetypar som er peikte ut som prioriterte tema bør det gjennomførast nærare dokumentasjon og eventuelt andre tiltak innan formidling og vern. Dette kan vere utvalde tema frå år til år.
- Registrere og kartleggje kulturlandskap med gamal kulturmark og kulturpåverka vegetasjon. Dette kan t.d. gjerast i samarbeid med landbrukskontoret og/eller kulturlandskapsenteret i Hordaland.

## 7.2 Reiskap for sakshandsamarar i kommunen

- Lage retningsliner for sakshandsaming der planar og byggetiltak direkte eller indirekte kjem i kontakt med verneverdige kulturminne og kulturmiljø.
- Lage retningsliner for tiltak i LNF-område, både når det gjeld bygningar og andre tiltak i innmark og utmark. Dette vert til dels teke vare på i forskrifter til AK-tillegg og STILK-midlar, men truleg er det behov for informasjon rette mot lokal tilhøve.
- Lage byggeskikkrettleiar som syner gode døme på restaurering, nybygg og tilpassing til bygningsmiljø og landskap. Rettleiaren bør og syne prinsipp innan bygningsvern ved vedlikehald, restaurering og påbygging. Landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland har utarbeidd eit hefte kalla «God byggeskikk på gardstun». Det kan vere til god hjelp dersom ein ikkje har ein lokal byggeskikkrettleiar.
- Gratis rettleiingsteneste med arkitekt i nokre timar er innført i kommunen.
- Skogbruk, skogbruksvegar: Fylkesdelplan for kulturminne uttaler følgjande: Kulturminnefagleg registrering i samband med skogsbilvegar har av mangel på ressursar vore nedprioritert utover det som er forsvarleg forvaltning. Det bør vere ei felles utfordring for landbruket å løysingar som går ut på å kartleggje og sikra kulturminne i utmark.”

## 7.3 Formidling av Modalen si historie

Dette heng og saman med 7.5 Bruke og ta vare på kulturminne.

- Lokal Agenda 21 og miljølære i skulen: Trekke inn skulen i formidling av lokalhistoria og til arbeid med skjøtsel av kulturminne. Skulen kan og trekkast inn dersom ein vil dokumentere bygningar med oppmåling og fotografering. Det kan vere aktuelt ved riving av bygningar (bygningssarkeologi), men kan og nyttast til å gje kunnskap om tradisjonell byggeskikk i Modalen.
- Rydding og skilting av ferdavegar kan gjerast på dugnad.
- Vasskraftmuseum i Kvernhusfossen. Kraftstasjonen kan husa ei utstilling om vasskraftshistoria i Modalen. Dersom det vert bygd gangsti fram til kraftstasjonen vert Kvernhusfossen meir tilgjengeleg som turistmål.
- Dokumentasjon av sanddrifta. Drifta gjennom dei siste 100 ra bør dokumenterast ved innsamling av bilete, intervju, kartfeste groper, utstilling. Kanskje kan ein kople dette saman med eit vasskraftmuseum i Kvernhusfossen. Ei infotavle kan stå ved stien opp til Kvernhusfossen ved betongindustrien. Der er det utsikt over industrikaia og grushaugane.
- Artiklar i lokalavisa, brosjyrar, turkart.
- Fornminna er med på å synleggjere dei historiske røtene i bygda. Skjøtsel og skilting er aktuelle tiltak på denne sektoren, og kulturavdelinga i fylkeskommunen vil kunne gje råd om dette arbeidet. Dette må gjerast i samarbeid med fylket og knytast til fylkeskommunens forvaltingsplan for automatisk freda kulturminne, jf fylkesdelplan for kulturminne. Av dei kjende fornminna er det truleg helleristingane på Skjeljanaset som er best egna til formidling.

## 7.4 Tilskot til restaurering av eldre og verneverdige bygningar

- Tilskotsmiddel kan ein øyremerkje til t.d. istandsetjing av gamle vindauge, eller til tilbakeføring til vindauge som er kopi av opphavleg type.
- Ved utdeling av tilskotsmiddel bør ein stille krav om at arbeidet vert gjort i tråd med det som er akseptabelt innan bygningsvern. Døme på hovudprinsipp innan bygningsvern er:

Ved istandsetjing eller påbygging av eldre og verneverdige bygningar skal ein ta omsyn til bygningen sin opphavlege karakter, både i hovudform og stil, byggeteknikk, materialval

og detaljar.

Det er betre å halde ved like enn å reparere, og det er betre å reparere enn å skifte ut.

## **7.5 Korleis bruke og ta vare å kulturminne i ulike verksemdar**

Dette heng og saman med 8.3 Formidling

Både kommuneplanen, vassbruksplanen for Modalsvassdraget og strategisk næringsplan for kommunen trekker fram kulturminneverdiane som ein viktig del av dei fysiske omgjevnadene.

Planane leg vekt på at ein må kunne nytta verdiane den tradisjonelle bygdekulturen har i ulike verksemdar. Næringsverksemd, friluftsliv og reiseliv er område som vert nemnde i fleire høve.

- Ny bruk av bygningar til næringsverksemd, reiseliv, friluftsliv mm.
- Småskala reiselivsanelegg.
- Rydjing av slåttenger, stølsvoller, beiteområde langs elva, gamal kulturmark.
- Samarbeide med kulturlandskapsenteret i Hordaland om prosjekt.
- Stølar: Samarbeid mellom kommune/turistforeining evt. idrettslag og eigar, utleige av stølshus som ubetente turisthytter. Dette vil utvida turtilbodet i tilknytning til Stølsheimen. Stølane er lettare tilgjengeleg enn dei fleste turisthyttene, noko som vil kunne verte eit verdifullt tilbod til barnefamiljar.

## 8. ROLLER OG VERKEMIDDEL

### 8.1 Dei ulike aktørane si rolle

**Kommunen** er, sjølv om den ikkje har eigne forvaltningsoppgåver knytt til kulturminnelova, hovudaktør i vernet og forvaltninga av kulturminna og kulturmiljøa gjennom oppgåvene den har etter plan- og bygningslova. Kommunen har ansvar for kommuneplanlegginga, og har eit eiga ansvar for å sikre at det vert teke omsyn til kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanar, reguleringsplanar, dispensasjonssøknader og byggesaker. Landbrukskontoret i kommunen har dessutan ei sentral rolle i forvaltninga av landbruket sine tilskotsordningar.

Oppgåvene som kommunen har etter plan- og bygningslova gjer at den skal handsame og fatte vedtak i mange saker som kan involvere kulturminne. Kommunen har ved handsaming av anleggs- og byggjeverksemd viktige informasjonsoppgåver til grunneigarar og utbyggarar for å avverje uheldige verknader, skadar og ulovlege inngrep på kulturminna.

Kommunen skal søkje samarbeid med og innhente fråsegn frå offentlege myndigheiter i spørsmål som høyrer inn under deira saksområde. Det vil seie at kommunen skal sende planar, byggesaker og andre saker, mellom anna nydyrking og landbruksveggar, som kan røre ved kulturminne, til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen for fråsegn.

**Hordaland fylkeskommune** er regional styresmakt for kulturminne. Kulturseksjonen ved Avdeling for Regional utvikling har det faglege ansvaret for alle sider ved det offisielle kulturminnevernet gjennom rådgjeving og sakshandsaming. Fylkeskommunen har rett til å komma med motsegn dersom nasjonale og regionale verdiar vert truga. Fylkeskommunen førebur fredingssaker for Riksantikvaren og kan sjølv vedta mellombels freding.

**Riksantikvaren (RA)** er direktorat under Miljøverndepartementet og har det nasjonale ansvaret for kulturminnevernet etter kulturminnelova. RA er fredningsmyndigheit og skal i tillegg utarbeide retningslinjer og kriterium for vernearbeid. RA er klageinstans for vedtak som er fatta av fylkeskommunen. Er nasjonale interesser truga, har RA ansvar for gripe inn uavhengig av regionale eller lokale forvaltningsorgan. RA har også ansvaret for kulturminner frå mellomalderen.

**Bergen museum** er arkeologisk landsdelsmuseum og har myndigheit til å gje dispensasjon frå kulturminnelova når det gjeld automatisk freda kulturminne, samt fastsetje eventuelle vilkår for denne. Museet administrerer utgraving og gransking av arkeologiske kulturminne.

**Sjøfartsmuseet i Bergen** har ansvar for kulturminne under vatn (på havbotnen, i innsjøar og elver).

**Dei regionale musea** har i dag i første rekkje ei rolle som formidlar og i liten grad eit formalisert ansvar innafor kulturminneforvaltninga. Hordamuseet er museum for den regionen Modalen høyrer til.

**Eigarane** av kulturminne (grunneigarar, huseigarar) er viktige aktørar i vernearbeidet. Det er derfor naudsynt at eigarane vert informert om deira rolle, og det er viktig med eit godt samarbeid mellom kommunen og eigarane.

## 8.2 Verkemiddel

Aktørane i kulturminneforvaltninga har tre ulike typar verkemiddel til hjelp. Det er juridiske verkemiddel i form av lovar, økonomiske verkemiddel, og samhandling og formidling

### Juridiske verkemiddel

Plan- og bygningslova og kulturminnelova er dei viktigaste lovane for kulturminneforvaltninga, medan naturvernlova kan nyttast ved vern av landskap.

#### Kulturminnelova (KML)

Kulturminnelova (Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50) inneheld dei sterkaste verkemiddel ein har i arbeidet med kulturminnevern. Kulturminnelova har som føremål å ta vare på kulturhistorisk og arkitektonisk verdfulle kulturminne og kulturmiljø. Lova tek for seg kulturminne som er automatisk freda og kulturminne og kulturmiljø som kan fredast etter vedtak av Riksantikvaren.

Kulturminnelova er ei særlov. Det skal med andre ord leggjast vekt på føremålet til denne kulturminnelova når det vert fatta vedtak etter annan lov som påverkar kulturminna.

Den 3. mars 2000 vart det vedteke endringar i kulturminnelova. Endringane gjeld mellom anna:

- Ståande byggverk frå perioden 1537-1649 vert automatisk freda (§ 4).
- Meldeplikt for byggverk og anlegg frå 1650-1849. Ny føresegn i § 25 lyder:  
" Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikke fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søknaden avgjøres. Vedtak om riving eller vesentlig endring av slike byggverk og anlegg skal umiddelbart sendes vedkommende myndighet, dersom denne myndigheten har uttalt seg mot riving eller vesentlig endring."

#### *Automatisk freda kulturminne*

Lova omhandlar mellom anna forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne (§ 3) og plikta til å undersøkje om tiltak vil medføra slikt inngrep (§ 9). Føresegnene gjeld både synlege og ikkje synlege kulturminne. Dersom anna ikkje er fastsett, gjeld ei sikringssone på fem meter rundt alle automatisk freda kulturminne (§ 6).

#### *Freding av kulturminne frå nyare tid*

Kulturminne frå nyare tid og kulturmiljø kan fredast etter §§ 15, 19 og 20. Fylkeskommunen kan vedta mellombels freding etter § 22.

#### Plan- og bygningslova (PBL)

Plan- og bygningslova er den viktigaste reiskapen kommunen har til å driva arealplanlegging og byggjesakshandsaming. I PBL er bruk og vern av ressursar sidestilt, og lova er såleis kommunen sitt eige reiskap til verne og utvikla kulturminne og kulturmiljø. PBL kan nyttast i fleire samanhenger i arbeidet med kulturminne og kulturmiljø:

#### *Arealdelen til kommuneplanen*

Etter PBL § 20-4 er det mogleg å bandleggje område i arealdelen til kommuneplanen med sikte på regulering til spesialområde vern eller freding etter kulturminnelova. Plankartet skal dessutan syne automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne samt kulturminne som kommunen har regulert til spesialområde vern. Plankartet bør dessutan syne andre område med verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.



Kommunen kan utarbeide utfyllande føresegner/retningslinjer til arealdelen om korleis ein skal gå fram når det gjeld kulturminne i landbruks-, natur- og friluftsområda (LNF), kulturlandskap og estetikk.

#### *Reguleringsplanar*

For vern av kulturminne og kulturmiljø utanom freding kan kommunen regulere til spesialområde vern etter PBL § 25.6. Dette kan nyttast for område som har bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal vernast. Regulering til spesialområde vern kan kombinerast med andre føremål. Bygningane i eit verneområde er omfatta av eit generelt riveforbod.

#### *Konsekvensutgreiingar*

Kapitel VII-a, § 33 i plan- og bygningslova tek for seg konsekvensutgreiingar, som ein kan krevje ved planlegging av større utbyggingstiltak. Dette er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å føre en heilskapleg og sektorovergripande miljøvernpolitikk. Konsekvensutgreiingar skal klargjere konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn, også kulturminneverdiar.

#### *Dispensasjon*

Ved søknad om dispensasjon etter PBL § 7 frå kommuneplan, reguleringsplan o.a. skal kommunen henta opplysningar frå alle partar som kan ha meining om saka, mellom andre kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. Dispensasjon bør berre gjevast i særlege høve.

#### *Byggesaker*

PBL har fleire føresegner som tek for seg byggesakshandsaming:

§ 74-2 omhandlar planløyising og utsjånad, den såkalla "skjønnhetsparagrafen". Føresegna seier at tiltak etter plan og bygningslova skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med tiltaket sin funksjon og med respekt for naturgjevne og bygde omgjevnader.

§ 81 omhandlar driftsbygningar i landbruket. Ved tiltak i denne kategorien skal det sendast melding til kommunen, og naboar skal ha varsel om tiltaket.

§ 89 omhandlar plikta eigar har til vedlikehalde og utbetre byggverk.

§ 91 omhandlar riving av byggverk. Kommunen kan krevje riving av byggverk, men òg avslå søknad om riving.

§ 92 seier at § 74-2 òg gjeld ved endring av ståande byggverk og ved oppussing av fasadar. Kommunen skal sjå til at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knytter seg til det ytre på eit byggverk, så vidt mogleg vert teken vare på.

§ 93 opplyser om kva for tiltak som krev søknad og løyve.

Kommunen kan utarbeide retningslinjer for sakshandsaming av verneverdige bygningar og bygningsmiljø.

#### Naturvernlova

Naturvernlova kan nyttast for å få eit formelt vern av kulturlandskap, ved å leggja dei ut til landskapsvernområde (§ 5). Slike område har ofte stor utstrekning fordi målet i fyrste rekkje er å verna særprega landskap. Kulturminna vil ha eit svakt vern i slike område.

#### Kombinert lovbruk

Ein kombinert bruk av dei ulike lovene kan i somme tilfelle vere aktuelt. Heilskapen i kulturlandskapet kan t.d. vernast som landskapsvernområde med føresegner om skjøtsel, medan dei mest verdifulle kulturminna kan fredast etter kulturminnelova eller regulerast til spesialområde vern etter plan- og bygningslova.

### **Økonomiske verkemiddel**

Staten, fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunen forvaltar tilskot til kulturverntiltak som einskildpersonar, lag, foreiningar og kommunar kan søkje på. Ulike private verksemdar deler òg ut midlar til kulturminneverntiltak, men desse vert ikkje omtala nærare her.

#### Kommunale tilskotsordningar

I Modalen kommune kan ein få tilskot til restaurering av eldre og verneverdige bygningar (kr. 70.000,- vart tildelt i 1998). Det er i første omgang dei kulturminna som vert valde ut for vern som vert prioritert når tilskot skal delast ut, men andre kan og søkje.

#### Fylkeskommunale tilskotsordningar

*Hordaland fylkeskommune* løyver midlar til vern av faste kulturminne (kr. 350 000 i 1998). Fylkeskommunen forvaltar òg statlege middel øyremerka freda bygg og anlegg. Midlane vert fordelt etter søknad ved politisk handsaming.

#### Statlege låne- og tilskotsordningar

*Riksantikvaren* gjev tilskot til freda og verneverdige bygningar og anlegg eller andre spesielt verneverdige kulturminne. Fordeling av tilskotsmidlar innan somme kategoriar under dette er delegert til fylkeskommunen.

*Areal- og kulturlandskaptilskotet (AK)* er eit generelt tilskot til gardbrukarar. Dei må då rette seg etter ein del krav til vern av kulturlandskapet, mellom anna skal ikkje åkerholmar, steingardar og gamle rydningsrøyser fjernast. I retningslinene heiter det at kulturminnelova skal overhaldast, og at kommunen ikkje kan gje dispensasjon dersom eit tiltak vil vere i strid med denne. Tilskotet kan falle bort dersom det vert stadfesta brot på føresegnene.

*Tilskot til "Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar" (STILK)* går til tiltak som tek vare på miljøverdiene i landbruket sitt kulturlandskap. Siktemålet er å fremje tiltak i landskapet og på freda og verneverdige bygningar gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing som går utover det ein kan rekne ved vanleg landbruksdrift. Søknad vert sendt gjennom det kommunale landbrukskontoret og handsama av fylkesmannen si landbruksavdeling.

*Områdetiltak* er fellesprosjekt der fleire grunneigarar, organisasjonar, offentlege myndigheiter og eventuelt andre kan gå saman om lokale miljøtiltak i avgrensa område. Arbeidet med områdetiltak er ei lekk i satsinga på Lokal Agenda 21.

*Bygdeutviklingsmidlar (BU)* skal i hovudsak nyttast til småskalaprega næringsutvikling i landbruket. Her tenkjer ein til dømes på prosjekt i samband med bygdeturisme der kulturminne inngår i reiselivssamanheng, eller produksjon av tradisjonelt, lokalt materiale/virke til restaurering av hus og farty.

*Statens Landbruksbank* gjev lån til eldre bustadhus på gardsbruk som har antikvarisk eller kulturhistorisk verdi.

*Den Norske Stats Husbank* har fleire låne- og tilskotsordningar som kan vere aktuelle ved utbetring av eldre bustadhus. Det er høve til å søkje lån på antikvarisk eller kulturhistorisk grunnlag til restaurering av verneverdige bustadhus.

*Skattelette på gamle hus.* Hausten 1999 gjorde regjeringa framlegg om at dei som har hus i verneverdige område i større grad skal kunne trekkje frå reparasjonar på skatten. Framlegget er førebels ikkje vedteke.

### **Samhandling og formidling**

Som ein del av ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning er kulturminnevernet avhengig av samhandling mellom dei ulike aktørane. Formidling er med på å skapa forståing for kulturminne. Kunnskap og forståing er heilt naudsynt for å skape ballanse mellom vern og utvikling. Formidling av kulturminne skjer i ulike samanhenger og av ulike aktørar. Dette emnet er omtala nærare i kapitel 7. Framlegg til tiltak.

## 9 KJELDER

### 9.1 Ord og omgrep

#### **Kulturminnevern**

Det arbeidet som vert utført for å verna kulturminne. Ordet vert og brukt som eit samleuttrykk for dei offentlege instansane som arbeider med kulturminnevern.

#### **Kulturminne**

I kulturminnevernplanen er omgrepet kulturminne brukt slik det er definert i § 2 i kulturminnelova: *"Med kulturminne menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til".*

Dette er ei svært omfattande forklaring som tek med seg alt som er skapt av menneska, frå dei første helleristningane og buplassane til dei byggingane vi reiser i dag.

#### **Kulturmiljø**

Område der kulturminna er ein del av ein større heilskap eller samanheng (jf § 2 i kulturminnelova). Kulturmiljø vert brukt om både kulturlandskap og jordbrukslandskap med gardsanlegg og andre kulturminne, og om tettbygde strok og byområde.

#### **Kulturlandskap**

Ein brei definisjon av omgrepet er landskap som er forma av samspelet mellom naturgrunnlag og mennesket. Kulturlandskapet avspeglar naturvilkår, samfunnsforhold og historie. Det har vore mest vanleg å nytta omgrepet i samanheng med jordbruksverksemd. Stølsområde er døme på kulturlandskap.

#### **Faste kulturminne**

Kulturminne som ligg fast i landskapet, t.d. helleristningar, gravhaugar, steinalderbuplassar, steingardar, bygningar og vegfar.

#### **Lause kulturminne**

Gjenstandar, t.d. arbeidsreiskapar, køyrety, laust inventar, ting frå oldtid og middelalder og andre gjenstandar.

#### **Immaterielle kulturminne**

Historiske hendingar, tru og tradisjon, t.d. folkemusikk, stadnamn, songar og segn.

#### **Automatisk freda kulturminne**

Alle kulturminne frå forhistorisk tid og middelalder, dvs. tida før 1537, og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Desse er freda direkte etter kulturminnelova utan fredingsprosedyre. Dette gjeld både synlege og ikkje synlege kulturminne. Ikkje synlege kulturminne kan vere steinalderbuplassar, flatmarksgraver eller gardsanlegg frå jernalderen.

#### **Fornminne**

Er det same som automatisk freda kulturminne frå tida før 1537. Døme på fornminne er hellerar med spor etter folk som har heldt til eller arbeidd der, hustuffer, rydningsrøyser, jaktfiske- og fangstinnretningar, vegfar, helleristningar, gravhaugar, gardsanlegg frå jernalderen og kyrkjegardar frå mellomalderen.

### **Kulturminne under vatn**

Kulturminne i og under vatn, sjø og elvar har eit meir omfattande lovvern enn kulturminne på land. Staten har eigedomsrett til meir enn hundre år gamle båtar, skip og skipsdelar, last og utstyr når eigar ikkje finnast. Alle kulturminne under vatn frå før 1537 automatisk freda.

### **Kulturminne frå nyare tid**

Kulturminne frå tida etter reformasjonen i 1537. Desse kulturminna er ikkje automatisk freda, men kan fredast ved vedtak etter kulturminnelova.

### **Vedtaksfreda kulturminne og kulturmiljø**

Kulturminne og kulturmiljø som er freda ved vedtak etter kulturminnelova.

### **Freda**

Omgrepet vert berre brukt om kulturminne som er freda i medhald av kulturminnelova, og må ikkje forvekslast med verna. Freda kulturminne/kulturmiljø har nasjonal verdi. Det er Riksantikvaren som fattar vedtak om freding, medan fylkeskommunen kan vedta mellombels freding.

### **Verna**

Eit kulturminne kan vernast formelt/juridisk etter plan- og bygningslova og praktisk/teknisk gjennom ulike tiltak for å ta vare på kulturminnet. Det er kommunen som vernar etter plan- og bygningslova.

### **Verneverdig**

Omgrepet vert brukt om miljø eller enkeltobjekt som bør vernast på ein eller annan måte. Nemninga i seg sjølv gjev ikkje noko formelt vern, men kulturminne som oppfyller eitt eller fleire av føresetnadene for å kallast verneverdige kan vernast formelt/juridisk etter plan- og bygningslova. eller kulturminnelova.

### **Lokal, regional og nasjonal verneverdi**

Vert ofte nytta som geografisk klassifisering av verneverdi. Med lokalt meiner ein staden (bygda, tettstaden, kommunen). Med regionalt meiner ein fleire kommunar, fylket eller ein landsdel. Nasjonal verdi tyder at noko har verdi for heile landet si kulturhistorie.

### **Byggeskikk**

Omgrepet kan ha fleire tydingar. Byggeskikk er ein innarbeidd måte - skikk- å bygge og utforme hus og husgrupper på. Tradisjonelt har byggeskikken vore prega av klåre lokale og regionale særtrekk, og syner mellom anna variasjon i bygningstypar, materialbruk og tilpassing til ressursgrunnlag og terreng. Byggeskikken speglar òg korleis impulsar og idear har kome til eit område, vorte "klimatisert", omforma og utvikla vidare. Vidare formidlar byggeskikken buskikk, dvs. mønster for korleis husa skal brukast. Mange meiner at omgrepet byggeskikk òg skal romme nytolkingar av det lokale preget.

### **Restaurere**

Ved restaurering vert ein bygning ført attende, slik at den står fram slik som den truleg såg ut opphavleg. Bygningen kan verte endra vesentleg under arbeidet.

### **Konservere**

Ved konservering tek ein vare på så mykje som mogleg av bygningen si historiske verdi og kjeldeverdi. Bygningen vil ikkje endrast vesentleg under arbeidet.

### **Rehabiliterere**

Sette i stand, modernisere eller utbetre eldre bygningar.

## 9.2 Litteratur

- Bygdebok for Modalen herad. 1. Gards- og ættesoga, 2. Allmenn bygdesoge. S. Lillejord, E. Steinsland, O. Farestveit, 1984.
- Norske Gardsbruk, Hordaland.
- Kyrkje og kristenliv i Modalen og Eksingedalen. Olav Farestveit, 1993.
- Kulturhistorisk vegbok Hordaland. Hordaland fylkeskommune, Nord 4 © vestkyst, 1993.
- Hus og byggeskikk i nyare tid. Nils Georg Brekke.
- Byggeskikk i Nordhordland. Utvikling av bustadhus på 1700- og 1800-talet. Fylkeskonservatoren i Hordaland, 1975.
- Samanbygde hus i Hordaland. Langhustradisjonar i vestnorsk byggeskikk. Fylkeskonservator Nils Georg Brekke. Artikkel i Fortidsminneforeningens årbok 1982.
- Grindbygde hus i Vest-Norge. NIKU Temahefte 30. Norsk institutt for kulturminneforskning, 1999.
- Ferdavegar i Modalen. Kultur- og miljøkontoret i Modalen, 1993.
- Stølar i Stølsheimen. Rapport nr. 5 - Fylkeskonservatoren i Hordaland, 1979.
- Førhistoriske minne i Nordhordland - Hosanger prestegjeld. Universitetet i Bergen, Historisk museum v/Per Fett, 1967.
- De eldste sporene i jordbrukslandskapet. Hefte frå Norges Bondelag, 1999.
- Jordskifte, landskapsutvikling og gardsbruket. Artikkel av Hans Sevatdal, 1999.

## 9.3 Planar og andre dokument

- Modalen kulturminnekatalog. Førabels utkast til verneplan. Fylkeskonservatoren i Hordaland, 1986.
- Kommuneplan til år 2000. Modalen kommune, 13.05.1991.
- Vassbruksplan for Modalsvassdraget. Modalen kommune, 1992.
- Strategisk næringsplan for Modalen kommune, 29.01.1998.
- Søknad om tilskot til områdetiltak for Modalsvassdraget. Elveeigarlaget, 1999.
- Hytteplan, Modalen kommune, 1997.
- Kommunedelplan for fritidsbusetnad Mostraum/Nottveit, 16.12.1998.
- Reguleringsplan for Mo sentrum. Modalen kommune, 08.12.1993.
- Kommunedelplan for kulturvern. Fusa kommune, utkast 26.10.1998.
- Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010. Hordaland fylkeskommune, 1999.
- St.meld. nr. 58 (1996-97): Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- Strategi mot år 2000. Riksantikvarens strategiske plan 1996-1999.
- Evaluering av kulturminner i SEFRAK-registeret. Innstilling fra Evalueringsutvalget, 1991.
- Nasjonale verdier og vern av kulturmiljøer. Riksantikvarens notater, 1-1993.
- Tilskots- og låneordningar, Rundskriv T-1/99 frå Miljøverndepartementet.
- Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap. Forskrift av 26. 02.1999 frå Landbruksdep.

Me vil til slutt takke alle lokalkjende i Modalen som har vore hjelpsame og gjeve opplysningar om kulturminne. Dei har vore til stor nytte i arbeidet med kulturminnevernplanen.